

## TILLEGGSINNKALLING

**Utval:** Formannskapet

**Møtestad:** Kommunetunet

**Møtedato:** 01.06.2016

**Tid:** kl.16:00

**Forfall eller inhabilitet:**

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til [post@fusa.kommune.no](mailto:post@fusa.kommune.no) eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimesida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no) og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandsosen.

Eikelandsosen, 27.05.2016

---

Atle Kvåle

Leiar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
048/2016	Busetjing av flyktingar - orientering om status
049/2016	Revidert økonomiplan 2016 - 2019
050/2016	Tertialrapport pr. 1.5.2016
051/2016	Framlegg om lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Formannskapet	048/2016	01.06.2016
Kommunestyret		
Ungdomsrådet	023/2016	30.05.2016
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	029/2016	30.05.2016

### **Busetjing av flyktningar - orientering om status**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Status om arbeidet med busetjing av flyktningar vert teken til etterretning.

#### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

IMDi si ressurside for planlegging og busetjing av flyktningar: <http://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/kommunens-arbeid/>

Strategiar frå Husbanken for busetjing av flyktningar: <http://www.husbanken.no/boligsosialt-arbeid/husbankens-arbeid-rettet-mot-flyktningar-og-innvandrere/>

#### **Faktiske opplysningar:**

Kommunestyret fatta 18. februar vedtak om busetjing av flyktningar:

KOM-002/16 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek å busetja tal flyktningar i perioden 2016 og 2017 i tråd med fylkesmannen si oppmoding av 20.11.15. Før busetningstal for 2018 og 2019 vert vedteke, skal det utarbeidast handlingsplan for busetjing og integrering i Fusa, som inkluderar utfordringa med familiegjenforening samt opner for busetjing fleire stader i kommunen.
2. Busetjing av einslege mindreårige flyktningar vert handsama i eiga sak.
3. Fusa kommune buset 30 nye flyktningar i 2016.
4. Fusa kommune buset minst 35 nye flyktningar i 2017.
5. Rådmannen får fullmakt til å organisera arbeidet innafor ramma av eksisterande flyktningstilskot.

#### KOM-003/16 VEDTAK:

1. Fusa kommune tek imot inntil 7 einslege mindreårige flyktningar som del av auka mottak av flyktningar i 2016.
2. Drift av eit eventuelt bufellesskap og kostnader knytt til fosterheimar skal finansierast med tilskot til den aktuelle gruppa. Det skal i tillegg søkjast skjønsmidlar hos Fylkesmannen for mellom anna å dekkja sjølve etableringa.
3. Rådmannen får fullmakt til å organisera arbeidet innafor ramma av eksisterande flyktningstilskot.
4. Vedtak om busetjing av einslege mindreårige flyktningar i 2017, gjer ein når ein har ein godkjent handlingsplan for tenesta

Denne saka er ei orientering om oppfølging av vedtaka og framdrifta i dette arbeidet.

Fusa kommune har tatt på seg ei stor oppgåve med å busetja flyktningar – særskild om ein ser det jamført med folketalet i kommunen. Eit slikt arbeid må førebuast skikkeleg, og ein arbeider no med ein detaljert plan for arbeidet der ulike faginstansar og representantar frå Fusa-samfunnet er involvert.

I Handlingsplan for busetjing og integrering av flyktningar og innvandrarar (Handlingsplanen), ser ein nærare på kva bustadbehovet er når ein skal ta imot 65 nye fusingar i 2016 og 2017. saman med dei 20 som vart busett i 2014 og 2015 utgjer det totalt 85 personar. I tillegg til dette kjem familieauke etter busetjing og familiemedlemar som kjem på familiesameining. Til saman får Fusa kommune eit tilskot på godt over 65 millionar kroner over fem år for flyktningane, rekna etter minste sats. I tillegg kjem fleire ekstratilskot avhengig av flyktningane sine behov. Tilskota skal gje kommunen ressursar til å gjennomføra eit planlagt og aktivt busetjings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette skal koma ut i utdanning eller arbeid og klara seg sjølve.

For å klara gjennomføra vedtak av 18.02.16 om busetjing av 30 flyktningar i 2016, treng vi minst 6 nye bustader, eit bufellesskap til 5 einslege mindreårige flyktningar og 2 fosterheimar.

Vi er i gong med å byggja 2 stk. tomannsbustadar på Leitet i Eikelandssosen (prosjekt 405) som skal stå klare for busetjing nov./des. 2016, og vi har annonsert at ein ønskjer kjøpa inntil 2 bustadar. Vi har inngått leigeavtale med Opplysningsvesenets fond knytt til leige av gamle prestegarden på Fusa til bufellesskap for fem einslege mindreårige flyktningar. Vidare er vi i dialog med Barne, ungdoms og familieetat (BUF etat) om arbeid knytt til å rekruttera fosterheimar for to einslege mindreårige.

#### *Busetjing 2016*

Den økonomiske ramma for prosjekt 405 knytt til bygging og kjøp er på 15 millionar kroner. Vi har eit godkjent prosjekt i Husbanken på dette - kr. 10.400.000,- som omfattar

prosjektering, bygging, uføresette utgifter og prosjektleiing. Husbanken har meldt at dei reduserer tilskot frå 40 % til 25 % av prosjektkostnaden pga. svært stor byggeaktivitet i kommunane i 2016. Dette medfører ei reduksjon i tilskot i høve budsjett på ca. 1,5 mill. Fusa kommune har sendt ei klage på dette vedtaket.

Prosjekt 405 var finansiert m.a. med momskompensasjon på kr 3,9 mill. I ettertid viser det seg at det ikkje vert gitt momskompensasjon på utleigebustadar. Dei økonomiske konsekvensane av dette er omtalt i tertialrapporten og revidert økonomiplan som kjem i denne møterunden.

BUF etat refunderer 80 % av kostnadane knytt til einslege mindreårige, t.d. husleige og/eller renter på lån for bukollektiv og driftsutgifter. Dei resterande 20 % av kostnadane til denne gruppa, skal dekkast av intergreringstilskotet. Flyktingtenesta skal og søkja fylkesmannen om skjønsmidlar til etablering av tenesta.

### *Busetjing 2017*

Med dei vedtaka som ligg føre, treng vi minimum 10 bueiningar i 2017. Vedtaket i KOM-003/16 seier i punkt 4 at ein skal vurdere å busetja 11 einslege mindreårige etter at Handlingsplanen er vedteken i oktober. Dersom ein skal busetja 11 einslege mindreårige, er det behov for 2 bufellesskap, 3 hyblar og ca. 10 bustadar med 3 -4 rom. Dersom ein ikkje skal busetja einslege mindreårige, er det behov for ytterligere 4-5 bustader i staden for 2 bufellesskap.

Ein vil ha betre oversikt over totaløkonomien når Handlingsplanen kjem til handsaming hausten 2016, og det vil gje ein betre oversikt over kor mykje ein kan byggja, kva ein kan kjøpa og evt. leiga. Økonomiske konsekvensar av dette arbeidet vert innarbeidd i arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

### **Vurdering:**

Vi vurderer det som viktig og i god, norsk dugnadsånd at Fusa tek imot og buset flyktingar, og ser på dette som ei framtidsinvestering som sikrar kommunen ynskt folkeauke og menneskelege ressursar. Om kommunen tidleg investerer i eit kvalitetsprogram som gjer at dei nye fusingane raskt får den språkkompetansen dei treng og kjem ut i arbeidslivet, vil kommunen tena på å ta imot flyktingar.

Føresetnaden er sjølvstøtt at det er nok tomter og bustader, og bygging etter behov for dei neste to åra krev tid og ressursar samt at ein set i gang tidsnok til å klara å busetja årskvotane. Det finns gode støtteordningar for bustadbygging, både til nybygg og oppgradering/ombygging av eksisterande bygg der føremålet er å busetja flyktingar.

For busetjing utover 2016 kan det verta behov for å busetja utanfor Eikelandsosen, men innanfor bussrute 740 Bergen-Eikelandsosen-Gjermundshamn og i rimeleg avstand til barnehage, skule og butikk. Fusa-bygda står som eit godt alternativ til Eikelandsosen for familiar og einslege. Einslege mindreårige som bur i kollektiv eller hybel med tilsyn kan gjerne bu i andre delar av kommunen så lenge dei følgjer skuleruta. Mobilitet til og frå fritidsaktiviteter utanfor skuletida må arrangerast av bufellesskapet for einslege mindreårige. Å nytta frivillige til å køyra deltakarar til og frå aktiviteter og arrangement er eit viktig tiltak som kan setjast i system ved hjelp av Frivilligsentralen.

For tida ligg Husbanken sitt tilskot på mellom 25 % og 40 % refusjon av totalkostnad. Med

ein refusjon på 40 % og husleige, vil byggjekostnadane vera dekkja. Med mindre refusjon, vil husleiga kunna verta høgare, noko som er svært ugunstig i høve bustadmarknaden. Dersom tilskot frå Husbanken vert 40 %, kan ein klara kjøpa to bustadar i 2016 i tillegg til det ein no byggjer. Vi legg til grunn at Husbanken sine støtteordningar på inntil 40 % vert etablert att i 2017.

Vi ser at den auka bustadmassen kan fylle eit behov i kommunen, sjølv seinare, og ein må byggja slik at bustadane kan koma til nytte for andre brukarar dersom det vert mindre behov for å busetja flyktingar i åra som kjem. Samstundes kan ein vurdere prosjekt som «Frå leige til eige» der flyktingane får høve til å kjøpa bustaden dei har budd i ved hjelp av startlån frå Husbanken.

Det er knappe tidsrammer i høve til å byggja og ha så mange bustadar klare for busetting i 2016 og 2017 som er omtalt i denne saka. Dersom vi ikkje klarar byggja innanfor denne tidsramma, vil vi verta tvungne til å leiga meir enn ønska. Det å leiga hjå private utleigarar kan gje både ekstra arbeid og kostnadar til vedlikehald.

Vi må vurdere byggekostnadar opp i mot meirarbeidet ein får ved å leiga, og økonomien i dette må innarbeidast i budsjett 2017 og økonomiplan for 2017-2020. Arbeidet med å finna eigna tomter og planlegga prosjektering må skje parallelt med arbeidet med Handlingsplanen.

Å byggja, kjøpa eller leiga i denne storleiken kan føra til stort press på bustadmarknaden i Fusa, og det kan verta vanskeleg å gjennomføra alt i 2017.

Handlingsplan for busetjing og integrering av flyktingar vil søkja å presentera eit heilskapleg bilete av kva som trengst for å busetja og integrera på ein god måte. Denne vil koma til kommunestyret i oktober.

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Formannskapet	049/2016	01.06.2016
Kommunestyret		
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	030/2016	30.05.2016
Ungdomsrådet	025/2016	30.05.2016

## Revidert økonomiplan 2016 - 2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt til formannskapet som gjev innstilling til kommunestyret, jfr. vedlagde notat.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Vedteken økonomiplan finn ein på heimesida vår, eller ved å klikka på lenkja [her](#).

### Faktiske opplysningar/Vurdering:

Sjå vedlagde notat.

### Vedlegg:

Notat - Revidert økonomiplan 2016 - 2019.	1327313	27.05.2016
Revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017	1326846	23.05.2016

# NOTAT - REVIDERT ØKONOMIPLAN 2016 – 2019.

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Vedteken økonomiplan finn ein på heimesida vår, eller ved å klikka på lenkja [her](#).

## Faktiske opplysningar/Vurdering:

Bakgrunnen for denne saka er endra premisser i høve vedteken økonomiplan 2016 -2019.

Fylkesmannen har i sitt budsjettbrev 2016, datert 25.04.16, m.a. sagt følgjande:

*«Økonomiplanen for dei neste åra må bli tilpassa den skulestrukturen som kommunestyret legg til grunn, også for trekk i rammetilskotet for elevar utanfor den kommunale skulen. Dersom ei endring i grunnlaget for økonomiplanen har vesentlege konsekvensar for kommunen sine driftsutgifter, må økonomiplanen bli revidert snarast mogleg no i år.*

*Det er planlagt ei stor investering i fleirbrukshall / idrettshall. Samla investering er rekna til om lag kr. 73,5 mill. Denne investeringa vil føra til auka driftsutgifter for kommunen, i tillegg til auka rente- og avdragsbelastning. Det er blant anna lagt til grunn finansiering gjennom spelemidlar (kr. 11,2 mill.), tilskot frå fylkeskommunen (kr. 2,0 mill.) og eksterne tilskot (til saman kr. 21 ½ mill.). Kommunen må likevel finansiera ein stor del av investeringa med låneopptak.*

*Det bør bli vurdert nærare om kommunen har økonomisk grunnlag til å ta på seg dei årlege utgiftene som investeringa i fleirbrukshall / idrettshall vil medføre, jf. utviklinga i dei siste åra med svake resultat og ubetydeleg driftsreserve.»*

Rådmannen har no gått gjennom og innarbeidd dei vedtak som kommunestyret har gjort etter at økonomiplanen 2016 – 2019 vart vedteken i desember 2015. I tillegg er det gjort nokre rettingar/justeringar og vurdering/endring når det gjeld skatt/rammetilskot.

Kort oppsummert er det desse endringane som er lagt til grunn:

- Konsekvensar av vedteken skulestruktur med fire kommunale barneskular, jf. kommunestyrevedtak 27.4.2016, sak 25/16. Dette gjev utslag i reduserte innsparingar på fleire einingar, trekk i rammetilskot knytt til auka tal elevar i private skular og reduserte renter og avdrag pga. bortfall av behov for utbygging av nye klasserom på Eikelandsosen skule. Føresetnaden for innsparing administrativ stilling med 50 % i 2019 i vedteken økonomiplan er ikkje lenger til stades og tiltaket er fjerna.
- Konsekvensar av kommunestyrevedtak om å oppretthalda noverande barnehagestruktur. Føresetnadene for innsparingstiltak knytt til strukturendring barnehage og innsparing administrativ stilling i vedteken økonomiplan er dermed vekke og tiltaka er fjerna.
- Konsekvensar av kommunestyrevedtak om SFO på alle barneskular, og ikkje berre der det er meir enn 8 søkjarar. Dette gjev ein kostnadsauke som er lagt inn frå og med hausten 2016. Effekt 2016: Kr 279 000, for påfølgjande år kr 670 000.
- Korrigerings av avdrag og tilhøyrande renter pga ein mindre reknearkfeil i investeringsplanen.



- Investeringsprosjekt 405 – Utleigebustader flyktningar. Korrigerer av avdrag og tilhøyrane renter som følgje av at kommunen ikkje får momskompensasjon på til saman kr.3,9 mill. til denne type utleigebustader. I staden må vi låna dette beløpet. Konsekvens:

	2016	2017	2018	2019
Sum auka renter og avdrag	217	209	202	159

- KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot er fornya i februar 2016 etter vedteke statsbudsjett og med innbyggjartal pr. 1.1.2016. Inneber ein prognostisert samla inntektsauke på kr 1,3 mill årleg, som er lagt inn i heile økonomiplanperioden.
- Planlagt avsetning til dekning av underskotet frå 2014 på kr 1 395 000 er sett i null fordi det er gjort framlegg om inndekking gjennom driftsresultatet for 2015. Same beløp er i staden avsett til disposisjonsfond i 2016, jf. sak om årsrekneskapen for 2015 og tertialrapport pr. 1.5.2016.

Når desse endringane er gjort, viser botnlina i revidert økonomiplan følgjande resultat :

	2016	2017	2018	2019
REGSKAPSMESSIG MEIR- MINDREFORBRUK (-) / Merforbruk (+)	-1 991	-4 758	4 495	8 002

Nedanfor følgjer revidert økonomiplan 2016-2019 som følgje av kommunestyrevedtak pr. 18.05.2016 og øvrige endringar kommentert framom:

	Økonomiplan			
	2016	2017	2018	2019
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Brukerbetalinger	-12 352	-12 352	-12 352	-12 352
Andre salgs- og leieinntekter	-18 584	-18 800	-18 800	-18 800
Overføringer med krav til motytelse	-27 807	-27 977	-27 977	-27 977
Rammetilskot inkl inntektsutjamning	-128 134	-128 421	-120 726	-120 681
Andre statlige overføringer	-10 830	-10 830	-10 830	-10 830
Andre overføringer	-100	-100	-100	-100
Skatt på inntekt og formue	-100 799	-100 799	-100 799	-100 799
Eiendomsskatt	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER (B)</b>	<b>-312 836</b>	<b>-313 509</b>	<b>-305 814</b>	<b>-305 769</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønnsutgifter	183 885	179 792	179 619	179 709
Sosiale utgifter	51 531	51 008	50 976	50 981
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	38 471	38 882	38 897	38 982
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	8 685	8 585	8 585	8 585
Overføringer	14 369	14 399	14 369	14 399
Avskrivninger	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-4 272	-4 272	-4 272	-4 272
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER (C)</b>	<b>292 669</b>	<b>288 394</b>	<b>288 174</b>	<b>288 384</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)</b>	<b>-20 167</b>	<b>-25 115</b>	<b>-17 640</b>	<b>-17 385</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-100	-100	-100	-100
Gevinst på finansielle instrumenter	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)</b>	<b>-100</b>	<b>-100</b>	<b>-100</b>	<b>-100</b>

<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	5 688	6 113	6 670	6 850
Tap på finansielle instrumenter	0	0	0	0
Avdrag på lån	9 649	10 369	11 314	11 673
Utlån	0	0	0	0
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)</b>	<b>15 337</b>	<b>16 481</b>	<b>17 984</b>	<b>18 522</b>
<b>RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER</b>	<b>15 337</b>	<b>16 481</b>	<b>17 984</b>	<b>18 522</b>
Motpost avskrivninger	0	0	0	0
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT (I)</b>	<b>-4 930</b>	<b>-8 734</b>	<b>244</b>	<b>1 037</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGAR</b>				
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-403	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0	0
Bruk av likviditesreserve	0	0	0	0
<b>SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)</b>	<b>-403</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overført til investeringsregnskapet	843	843	843	843
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond *)	1 836	2 470	2 745	5 459
Avsetninger til bundne fond	663	663	663	663
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0
<b>SUM AVSETNINGER (K)</b>	<b>3 342</b>	<b>3 976</b>	<b>4 251</b>	<b>6 965</b>
<b>REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK (-) / Merforbruk (+)</b>	<b>-1 991</b>	<b>-4 758</b>	<b>4 495</b>	<b>8 002</b>

\*) 2016: kr (441 000/opphevelg øk.plan + 1 395 000/underskot 2014 i staden for dekket av overskot 2015) = 1 836 000

### **Nytt inntektssystem og kommunereforma:**

Det nye inntektssystemet for kommunane skal gjelda frå 2017. Vi veit at dette inneber innstrammingar, som på sikt vil ha ein årleg nettoeffekt på ca. 3,1 millionar kroner dersom Fusa vel å halda fram som eigen kommune. Det er usikkert kor raskt heile effekten slår inn, sidan det og vil koma overgangsordningar (INGAR). Verknaden for 2017 veit vi meir sikkert først når statsbudsjettet for 2017 vert lagt fram 6. oktober. Førebelse tal viser trekk på ca. 1,4 mill. i 2017. Tapet vil koma fullt ut etter ein periode, t.d. etter to – tre år.

Det nye inntektssystemet er ikkje lagt til grunn i revidert økonomiplan 2016 – 2019 (tabellen framom), og tala vil dermed verta verre enn vist.

Vedlagt følgjer skriv frå fylkesmannen i Hordaland, datert 23.05.16 vedr. revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017. I skrivet er det vist til tabellar kommuneproposisjonen 2017, den finn du

her: <https://www.regjeringen.no/contentassets/00187cf0fd8e465ba4db9212677a3a1c/no/pdfs/prp201520160123000dddpdfs.pdf>

Eit vesentleg element i nytt inntektssystem er kostnadsnøklane. I skrivet frå fylkesmannen heiter det m.a.:

#### *«Kostnadsnøklane*

*Departementet har gjennomgått kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Noverande kostnadsnøklar er oppdaterte etter nytt datagrunnlag. Oppdatering blir gjort på grunnlag av statistiske analysar som forklarar skilnader i kostnadene knytte til alderssamansetjing, sosioøkonomiske tilhøve og busetjing m.m.*

*Framlegget er i samsvar med høyringsnotatet med unntak av vekt på kriteriet for psykisk utviklingshemma 16 år og over. I høyringsnotatet var det framlegg om å redusere vekt på kriteriet for*

*psykisk utviklingshemma. Det vil bli gjort ytterlegare utgreiing i denne samanheng. Inntil vidare blir det ingen reduksjon i vekta på dette kriteriet i utgiftsutjamninga.*

*Det blir lagt opp til oppdatering av kostnadsnøkklane om lag kvart fjerde år framover. Ein eventuell reduksjon i vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma vil kunne kome tidlegare.»...*

For Fusa kommune er konsekvensen av endra kostnadsnøklar eit nedtrekk i rammetilskotet på ca. kr. 2,6 mill.

Eit anna vesentleg element i inntektssystemet er basistilskotet. I skrivet frå fylkesmannen heiter det m.a.:

#### «Basistilskot

*Basistilskotet er i noverande inntektssystem eit like stort tilskot per kommune for alle kommunar, uavhengig av talet på innbyggjarar. Tilskotet er i 2016 om lag kr. 13,2 mill. per kommune.*

*Det blir lagt opp til at halvdelan av basistilskotet framleis skal vere eit like stort tilskotsbeløp per kommune, det vil seie om lag kr. 6,6 mill., i 2016 - kroner. Den andre halvdelan av basis-tilskotet vil bli gradert etter kommunen sin strukturverdi. Strukturverdien er avstand i kilo-meter i gjennomsnitt for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrenser. Det blir korrigert for ferjestrekningar.*

*Ved å gradera halvdelan av basistilskotet på grunnlag av strukturverdi, får kommunar med korte reiseavstandar eit lågare basistilskot enn kommunar med lengre reiseavstandar. Det blir lagt til grunn ein grenseverdi på 25,4 km. ved utrekning av basistilskot. Dersom kommunen sin strukturverdi er 25,4 km. eller høgare, vil kommunen framleis få fullt basistilskot. Dersom strukturverdien er lågare enn 25,4 km, vil basistilskotet bli redusert.*

*Som følgje av at ein stor del av kommunane i landet får redusert basistilskot, blir sum basis-tilskot for kommunane samla redusert. Dette frigjer midlar som blir tilbakeførte til kommunane på grunnlag av innbyggjartal. Departementet (KMD) har i førebels utrekning lagt til grunn at denne tilbakeføringa utgjer kr. 243,- per innbyggjar, jf. tabell i kommuneproposisjonen.*

*Dei kommunane som kjem negativt ut, samanlikna med noverande basistilskot, har ein kombinasjon av låg strukturverdi (korte reiseavstandar) og relativt lågt innbyggjartal. Kommunar med høgt innbyggjartal kjem positivt ut då dei får mykje midlar tilbakeførte av den samla reduksjonen i basistilskot.*

*Fleire kommunar med lågt innbyggjartal kjem også positivt ut av omlegginga fordi dei har så høg strukturverdi (lange reiseavstandar) at dei får liten eller ingen reduksjon i basistilskotet. «*

For Fusa kommune, som har ein strukturverdi på 19,7 km, er nedtrekket rekna til ca. kr. 520.000 i 2017.

#### Vedtak om kommunesamanslåing – verknaden når det gjeld basistilskotet:

Kr. 300 mill. er sett av til kompensasjon for kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing i kommunereformperioden og som får redusert basistilskot i perioden 2017 - 2019. Modell og omfang for kompensasjonsordninga blir lagt fram i statsbudsjettet for 2017. Kompensasjon blir gitt som skjønstilskot i 2017.

### Økonomiplan i balanse:

For å få ein økonomiplan i balanse, må ein vurdere ulike innsparingstiltak.

### **Investeringane:**

Fylkesmannen påpeiker at vi bør vurdere om vi har økonomisk grunnlag til dei årlege utgiftene som fleirbrukshallen vil medføra. I tillegg er ein stor post på investeringsplanen knytt til høgst påkravde oppjusteringar av Fusa ungdomsskule, som vi også må vurdere i denne samanheng.

### Fleirbrukshallen:

Grunnarbeidet for fleirbrukshallen er godt i gang. Dette inneber og vegomlegging og rehabilitering av VA-anlegg, som no vert utført og inneber ein kostnad på om lag kr 10 mill eks mva. Av dette ligg kr 1 mill på VA-budsjettet, slik at nettokostnad på prosjekt 240 eks mva. er kr 9 mill. og kr 11,25 inkl. mva.

Av samla finansiering på kr 73,5 mill er kr 29,55 mill gåver/spelemidlar og kr 14,7 mill mva-refusjon. Resten som skal lånefinansierast vert då kr 29,25 mill.

Grunnarbeidet (nettosummen) må kommunen rekna inn under lånefinansieringsdelen av prosjektet. Det som då står att å lånefinansiera (investering eks mva-refusjon) er kr 29,25 mill – 9 mill = kr 20,25 millionar. Det er denne delen av investeringa som gjev innsparing av tilknytte renter og avdrag, dersom restprosjektet vert teke ut av investeringsplanen. I tillegg kjem innsparingar på drift dersom ein vel å ikkje byggja fleirbrukshallen. Førørels har ein rekna netto driftsutgift (utgifter minus inntekter) til kr 500 000.

<i>Renter og avdrag - investeringsversjon 6.11.15; ex Fleirbrukshallen</i>	2016	2017	2018	2019
Betalte avdrag	9 322	10 646	12 198	12 533
UB/Sum lån utgang år	257 010	293 534	336 306	345 544
Gjennomsnittleg lånesum	261 671	298 857	342 405	351 810
Renter	5 495	6 276	7 191	7 388
Sum renter og avdrag	14 817	16 922	19 388	19 921
Effekt av å ikkje investere	-548	-921	-1 112	-1 073
<i>I tillegg innsparing driftsutgifter ved å stoppa investeringa i ny fleirbrukshall</i>	-500	-500	-500	-500

### Sparte renter og avdrag dersom ingen investeringar i Fusa ungdomsskule:

<i>Renter og avdrag - investeringsversjon 6.11.15 Ex Undomsskolen</i>	2016	2017	2018	2019
Betalte avdrag	9 652	10 792	11 653	11 587
UB/Sum lån utgang år	266 130	297 557	321 285	319 468
Gjennomsnittleg lånesum	270 956	302 953	327 111	325 261
Renter	5 690	6 362	6 869	6 830
Sum renter og avdrag	15 342	17 154	18 522	18 417
Effekt av å ikkje investere	-22	-689	-1 978	-2 576

Det er ei svært lite framtidsretta løysing å ta ut heile invsteringa då vi har ein bygningsmasse som sårt treng rehabilitering. Det kan finnast mellomvariantar mellom full investering på kr 60 000 000 og ingen investeringar i Fusa ungdomsskule. Dette må ein i så fall vurderer nærare.

#### Minstefrådrag og rente:

Faktorar som kan påverka dei ovanemnde tala, og alle andre investeringsprosjekt, er dersom det kjem krav om auka årlege avdrag eller at renta går opp. I oppsetta er lagt til grunn noverande minstefrådrag med 3,5 % (dvs. 28,57 års nedbetalingstid) og ei rente på 2,1 %. Det er signal om at kravet til minste årlege avdrag skal auka, men dette vil truleg først verta avgjort når ny kommunelov vert vedteken. Kommunalministeren har sagt at han tek sikte på at ny lov er på plass før neste kommune- og fylkestingsval, dvs. innan h-19.

#### **Fondsmidlar:**

Vedteken økonomiplan legg opp til oppbygging av fondsmidlar, som i neste runde kan nyttast til uføresette hendingar eller brukast som eigenkapital til investeringar. Beløpa er som følgjer:

Fondsmidlar	2016	2017	2018	2019
Avsetjingar til disposisjonsfond	1 836*	2 470	2 745	5 459

Rådmannen vil særleg peika på at kommunen sin sårbare økonomiske situasjon tilseier at tomt disposisjonsfond bør tilførast vesentlege midlar.

#### **Driftssituasjonen i einingane:**

Tertialrapporten pr. 1.5.2016, jfr. eiga sak, viser at einingane har til dels store utfordringar på drifta no i 2016. Vi må sjå nærare på omfanget av desse for komande år og korleis vi kan løysa dei i arbeidet med økonomiplanen for 2017-2020.

#### **Oppsummering:**

Fusa kommune har ein økonomiplan for 2016-2019 som må reviderast. Kravet i kommunelova er at økonomiplanen skal vera saldert. Ved revisjon av økonomiplanen i løpet av året er det ikkje krav i kommunelova om utlegging, slik det er krav om når vi gjer «ordinært» budsjett/økonomiplanvedtak. Det er formannskapet som skal gje innstilling til kommunestyret.

Her er mange val og prioriteringar som må vegast i høve til kvarandre.

Revidert økonomiplan vist framom har ein manko i 2019 på ca. 8 mill kroner. I tillegg kjem verknaden av nytt inntektssystem, nedtrekk på ca. 3,1 mill kroner, som vi må forventa har full effekt i slutten av økonomiplanperioden dvs. i sum ca. 11 mill kroner. I tillegg har vi ein svært pressa driftssituasjon i 2016, jfr. eiga sak, tertialrapport pr. 01.05.16, som må takast omsyn til og vurderast nærare i prosessen med budsjett/økonomiplan 2017-2020.

Kommunestyret må ikkje minst vurderer kommunen sine økonomiske utfordringar når ein skal gjera vegval i saka om kommunereforma i møte 22.06.16.

Om ein vel å stå åleine må ein iverksetja omfattande innsparingstiltak og langt fleire enn dei som allereie er utgreidde i arbeidsnotatet frå rådmannen i samband med budsjett/økonomiplan 2016-2019, sjå side 29 og 30. Dei attståande tiltaka som der er utgreidde, men ikkje vedtekne, er tiltak som vil redusere tenestetilbod til brukarane og/eller tiltak som medfører at tenestetilbod må avviklast.

Når det gjeld effektiviserande tiltak knytt til barnehageområdet har kommunestyret i sak 7/16 gjort følgjande vedtak:

«Dagens barnehagestruktur vert vidareført «

Når det gjeld skulestruktur har kommunestyret i sak 25/16 gjort følgjande vedtak:

«

1. *Endring i skulestrukturen trinn 2, vert ikkje gjennomført.*
2. *SFO-tilbodet skal tilpassast den nye skulestrukturen.  
Dersom det er mindre enn 8 søkarar til SFO ved ein skule, skal ein søke å finna løysing i samarbeid med barnehagen i skulekrinsen. Tilsvarande sum foreldrebetaling, skal tilførast barnehagen. Øvrige økonomiske konsekvensar skal innarbeidast i revidert budsjett i juni 2016.*
3. *Økonomiske konsekvensar vert innarbeidde i revidert budsjett og økonomiplan.»*

Innsparingar på drifta ved å velja å ein bli ein del av ein Bjørnefjordkommune kan i stor grad løysast ved effektiviserande tiltak som ikkje har direkte konsekvensar for tenestene til brukarane. T.d. treng vi berre ein rådmann og ein ordførar, og kostnadane til administrativt og politisk system vert lågare i ein samanslått kommune enn dei kostnadane begge kommunar i sum har i dag.

Ein ny Bjørnefjordkommune vil få 45 millionar kroner i eingongsstøtte og reformstøtte. I tillegg vil ein ved ei samanslåing behalda dagens basistilskot (om lag 13 millionar kroner for kvar kommune) i 15 år + 5 år med nedtrapping, pluss få del i eit nytt regionsentertilskot. Dersom Os og Fusa blir slått saman etter reformperioden (1. januar 2018), tvunge eller frivillig, vil den nye kommunen ikkje motta denne økonomiske støtta.

Rådmannen legg saka/notatet fram for formannskapet som skal gje innstilling til kommunestyret, på same måte som ved handsaming av budsjett/økonomiplan der rådmannen utarbeider eit arbeidsnotat som grunnlag for formannskapet si innstilling.



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
23.05.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017, jf. kommuneproposisjonen Prop. 123 S. I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

### Endringar i det økonomiske opplegget for 2016

#### Skatteinntekter

Pårekna skatteinntekter for kommunane er auka med kr. 575 mill. frå nivået i statsbudsjettet. Pårekna skattevekst i år aukar difor frå 6,0 prosent til 6,4 prosent i revidert nasjonalbudsjett, i høve til faktisk innkomen skatt i 2015. Auken i pårekna skattenivå for i år samanlikna med det skattenivået som blei lagt til grunn i statsbudsjettet har samband med skattevekst i siste delen av 2015.

#### Kostnadsvekst

I revidert nasjonalbudsjett er det rekna med lågare lønsvekst enn i statsbudsjettet. Pårekna lønsvekst er redusert frå 2,7 prosent i statsbudsjettet til 2,4 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Auke i konsumprisindeksen frå 2,5 prosent til 2,8 prosent trekk i motsett retning. Det fører til at kostnadsdeflatoren for kommunane blir redusert frå 2,7 prosent i statsbudsjettet til 2,6 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Løn tel om lag to tredelar av kostnadsdeflatoren. Det inneber ei pårekna kostnadsinnsparing for kommunane på om lag kr. 320 mill.

#### Kommunal tiltakspakke

Regjeringa gjer framlegg om eit eingongstilskot på til saman kr. 250 mill. for 2016 til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller kommunalt føretak. Ordninga omfattar kommunar på Sør- og Vestlandet med høgare arbeidsløyse enn landsgjennomsnittet. Hordaland sin del av ramma er kr. 41.480.000,-.

Det blir teke utgangspunkt i talet på arbeidslause per april i år. På dette tidspunktet var 3,1 prosent av arbeidsstyrken i landet heilt arbeidslaus. Tilskotet vil bli gitt med likt kronebeløp per heilt arbeidslaus person ut over landsgjennomsnittet på 3,1 prosent.

Tilskotet blir fordelt utan søknad. Tilskotet skal nyttast til tiltak som blir sett i gang i 2016 i tillegg til allereie vedteke tiltak i kommunane sine budsjett for 2016. Det blir lagt opp til rapportering om bruken. Midlar som ikkje er brukte til føremålet må bli betalte tilbake.

Fordeling av tilskotet mellom kommunane i Hordaland i kr. 1.000,-

Bergen	15 445
Sveio	193
Bømlo	1231
Stord	8099
Kvinnherad	2053
Granvin	100
Samnanger	42
Os	349
Sund	1932
Fjell	5898
Askøy	984
Meland	963
Øygarden	1101
Radøy	451
Lindås	1895
Austrheim	509
Fedje	235
Sum	41 480

### **Kommuneopplegget for 2017 - generelt**

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr. 3,45 mrd. og 3,7 mrd. frå 2016 til 2017. Veksten er rekna frå det inntektsnivået for i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten for 2017 vil difor bli endra når statsbudsjettet blir lagt fram til hausten dersom pårekna inntektsnivå for i år blir endra.

Veksten i dei frie inntektene på mellom kr. 3,45 mrd. og 3,7 mrd. er realauke slik at priskompensasjon frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet for å tilpassa skatteveksten til målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Det er lagt til grunn at av veksten i dei frie inntektene, vil om lag kr. 2,0 mrd. (kr. 2,1 mrd. for heile kommuneforvaltninga) gå til auka utgifter knytt til befolkningsutviklinga for kommunane.
2. Pensjon. For kommunane kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr. 0,7 mrd. (kr. 0,85 mrd. for heile kommuneforvaltninga), utover det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. Det må understrekast at det er stor uvisse knytt til dette overslaget.



Pårekna auke i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på bakgrunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiseringskostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.

3. Av veksten i dei frie inntektene i 2017 er kr. 300 mill. grunngeve med auka satsing innan rusområdet.

### **Skjønstilskot for 2017**

Basisramme skjønstilskot for landet blir kr. 1191 mill. Dette er ein reduksjon på kr. 100 mill. frå basisramme i landet i 2016. Beløpet på kr. 100 mill. blir overført til kommunane sitt innbyggjartilskot i inntektssystemet. Det kan for 2017 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylka.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Kr. 400 mill. av skjønssramma er frå og med 2011 gitt til kommunar som tapte mykje på endringane i inntektssystemet i 2011. Denne ramma er blitt fordelt av departementet mellom kommunane. Fordelinga har lagt fast med same årlege beløp til dei aktuelle kommunane til neste revisjon av kostnadsnøklane, det vil seie med same fordeling i perioden 2011 - 2016.

I Hordaland har følgjande kommunar fått kompensasjon, tilskotsbeløp i parentes:

Bergen	(kr. 46,6 mill.)
Bømlo	(kr. 3,7 mill.)
Stord	(kr. 0,7 mill.)
Kvinnherad	(kr. 5,2 mill.)
Voss	(kr. 1,8 mill.)
Os	(kr. 2,6 mill.)
Fjell	(kr. 2,5 mill.)
Askøy	(kr. 0,4 mill.)
Lindås	(kr. 7,6 mill.)
Austrheim	(kr. 1,6 mill.)
Masfjorden	(kr. 0,1 mill.)

Som følge av at det for 2017 blir gjennomført revisjon av kostnadsnøklane i inntektssystemet, blir denne kompensasjonsordninga ikkje vidareført i 2017. Vi presiserer at det ikkje er dei ordinære skjønsmidlane, som Fylkesmannen fordeler, som blir avslutta for 2017.

Ramma på kr. 400 mill. vil framleis i 2017 vere ein del av skjønssramma men blir i staden gitt som kompensasjon knytt til følgjande:

### Reduksjon basistilskot ved samanslåing

Reduksjon basistilskot i samband med nytt inntektssystem frå 01.01.2017. Kr. 300 mill. blir sett av til kompensasjon for kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing i kommunereformperioden og som får redusert basistilskot i perioden 2017 - 2019. Modell og omfang for kompensasjonsordninga blir lagt fram i statsbudsjettet for 2017. Kompensasjon blir gitt som skjønstilskot i 2017.

Kommunar som slår seg saman i kommunereformperioden vil få erstatta bortfall av basistilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet i 2016, når samanslåing blir sett i verk.

Kompensasjonsordninga i overgangsperioden omfattar reduksjon i basistilskot. Det er førebels ikkje lagt opp til at ordninga omfattar reduksjon i distriktstilskot og småkommunetilskot i overgangsperioden.

#### Tilskot mellomstore kommunar

Kr. 100 mill. blir sett av til mellomstore kommunar som slår seg saman. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing. Departementet vil i statsbudsjettet til hausten gi nærare opplysningar.

Ramma på kr. 100 mill. utgjer halvårsverknaden, det vil seie for andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet kr. 200 mill.

#### Infrastrukturtiltak

Stortinget vedtok i statsbudsjettet (2016) ei løyving til fylkesvegar og andre infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman, og det blei sett av kr. 50 mill. til denne ordninga. For 2017 blir det sett av kr. 100 mill. innafor fylkeskommunane si skjønnsramme til føremålet.

#### **Veksttilskot**

Veksttilskot blir i 2016 gitt til kommunar som i dei siste tre åra har hatt ein årleg gjennomsnittleg folkevekst høgare enn 1,5 prosent. Tilskot blir i 2016 gitt med kr. 56.485,- per ny innbyggjar utover vekstgrensa.

For 2017 er det framlegg om å redusera vekstgrensa til 1,4 prosent for veksttilskot. I Hordaland er samla veksttilskot for 2017 utrekna til om lag kr. 49,4 mill.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i veksttilskot.

Det er ikkje framlegg om å la veksttilskotet vere med i grunnlaget for årlege inndelingstilskot i samband med kommunesamanslåing. Dersom ein ny kommune har høg nok vekst i folketallet, vil den oppnå veksttilskot på same måte som andre kommunar.

Departementet har gjort følgjande utrekning av veksttilskot i 2017 for kommunar i Hordaland, i kr. 1.000,-:

Askøy	7831
Austevoll	1426
Fitjar	636
Fjell	11675
Jondal	259
Lindås	2995
Meland	2942
Os	16251
Sund	3567
Øygarden	1831
Sum	49413

### **Selskapsskatt**

Innføring av kommunal selskapsskatt blir utsett. Ei innføring no ville ha kunne gitt større uvisse knytt til inntektene i kommunar med særlege utfordringar i næringslivet.

Regjeringa vil kome attende til spørsmålet om selskapsskatt i kommuneproposisjonen for 2018.

### **Frivilligsentralar**

Ansvaret for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2017 gjere framlegg om at tilskot til føremålet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot. Tilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett utgjer i 2016 kr. 127,8 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafør rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling i 2016.

### **Vidareføring av noverande inntektssystem**

Noverande inntektssystem blir vidareført bl.a. knytt til inntektsutjamning, overgangsordning INGAR og telletidspunkt.

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon er 35 prosent under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem, men graden vil kunne bli justert seinare.

Det er inntil vidare lagt opp til at kommunane sin skattedel av samla inntekter skal utgjere om lag 40 prosent.

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- per innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriedata, bortfall av småkommunetilskot og nedgang i distriktstilskot.

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga som grunnlag for rammeoverføring i 2017 vil vere 01.07. i år. For inntektsutjamninga i 2017 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2017. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2016 for rammeoverføring i 2017.

### **Nytt inntektssystem for kommunane**

Framlegg til endringar i inntektssystemet har vore på høyring. Det blei 21.april d.å. inngått avtale mellom Høgre, Framstegspartiet og Venstre i Stortinget om nytt inntektssystem. Framlegget til nytt inntektssystem i kommuneproposisjonen for 2017 er i samsvar med denne avtalen.

### Basistilskot

Basistilskotet er i noverande inntektssystem eit like stort tilskot per kommune for alle kommunar, uavhengig av talet på innbyggjarar. Tilskotet er i 2016 om lag kr. 13,2 mill. per kommune.

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet framleis skal vere eit like stort tilskotsbeløp per kommune, det vil seie om lag kr. 6,6 mill., i 2016 - kroner. Den andre halvdelen av basistilskotet vil bli gradert etter kommunen sin strukturverdi. Strukturverdien er avstand i kilometer i gjennomsnitt for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrenser. Det blir korrigert for ferjestrekningar.

Ved å gradera halvdelen av basistilskotet på grunnlag av strukturverdi, får kommunar med korte reiseavstandar eit lågare basistilskot enn kommunar med lengre reiseavstandar. Det blir lagt til grunn ein grenseverdi på 25,4 km. ved utrekning av basistilskot. Dersom kommunen sin strukturverdi er 25,4 km. eller høgare, vil kommunen framleis få fullt basistilskot. Dersom strukturverdien er lågare enn 25,4 km, vil basistilskotet bli redusert.

Som følge av at ein stor del av kommunane i landet får redusert basistilskot, blir sum basistilskot for kommunane samla redusert. Dette frigjer midlar som blir tilbakeførte til kommunane på grunnlag av innbyggjartal. Departementet (KMD) har i førebels utrekning lagt til grunn at denne tilbakeføringa utgjer kr. 243,- per innbyggjar, jf. tabell i kommuneproposisjonen.

Dei kommunane som kjem negativt ut, samanlikna med noverande basistilskot, har ein kombinasjon av låg strukturverdi (korte reiseavstandar) og relativt lågt innbyggjartal. Kommunar med høgt innbyggjartal kjem positivt ut då dei får mykje midlar tilbakeførte av den samla reduksjonen i basistilskot.

Fleire kommunar med lågt innbyggjartal kjem også positivt ut av omlegginga fordi dei har så høg strukturverdi (lange reiseavstandar) at dei får liten eller ingen reduksjon i basistilskotet.

I kommuneproposisjonen, Prop. 123 S, er fordelingsverknadene av gradert basistilskot illustrerte i tabell 7.1, kolonne 4.

Inntektsbortfall frå 2017 som følge av redusert basistilskot vil bli kompensert i overgangsperioden for kommunar som vedtek å slå seg saman, jf. punkt over om skjønstilskot.

### Distriktstilskot Sør-Noreg

Distriktstilskotet blir gitt til kommunar med over 3200 innbyggjarar og distriktsindeks frå 0 til 46. Skattenivået må vere under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Distriktsindeksen gir uttrykk for distriktsutfordringar gjennom geografi, arbeidsmarknad, inntektsnivå og alderssamansetjing. Jo lågare distriktsindeks, jo større distriktsmessige utfordringar.

Distriktstilskotet blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar, gradert på grunnlag av distriktsindeksen. Jo lågare distriktsindeks, jo høgare distriktstilskot både per kommune og per innbyggjar.

I Hordaland får kommunane Etne, Kvinnherad, Odda, Ullensvang, Voss, Kvam og Vaksdal dette distriktstilskotet.

I framlegget er det lagt opp til å gi mindre tilskot per kommune og meir tilskot per innbyggjar. Det vil framleis vere gradering av tilskotet på grunnlag av distriktsindeks. Denne graderinga vil no bli sterkare slik at distriktsutfordringar uttrykt gjennom distriktsindeksen vil gi større verknad på tilskotsbeløpet enn tidlegare.

Kommunar med lågt innbyggjartal vil tape på omlegging, t.d. Ullensvang. Fleire av dei mellomstore kommunane vil tene på omlegging som følgje av større del av fordelinga på grunnlag av innbyggjartal. Kommunar med låg distriktsindeks, t.d. Kvinnherad, vil tene meir på omlegging enn kommunar med høgare distriktsindeks, t.d. Voss.

I kommuneproposisjonen, Prop. 123 S, tabell 7.1, kolonne 5, er det illustrert verknadene av omlegging for distriktstilskot og småkommunetilskot. Utrekning her er basert på distriktsindeksar for 2014.

For 2017 vil endelege tilskot i statsbudsjettet bli baserte på distriktsindeksar oppdaterte til 2015. Dette kan gi relativt store utslag samanlikna med den førebelse illustrasjonen av verknadene i kommuneproposisjonen.

#### Småkommunetillegg

Dette tilskotet vil erstatta småkommunetilskotet og vil bli som eit distriktstilskot. Noverande småkommunetilskot er for 2016 om lag kr. 5 ½ mill. per kommune. Noverande tilskot blir gitt med same tilskotssats til alle kommunar under 3200 innbyggjarar og skattenivå under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Det blir ikkje teke omsyn til distriktsutfordringar.

I framlegget er det lagt opp til trekk i tilskotet på grunnlag av distriktsindeksen. Med høgare distriktsindeks, mindre distriktsutfordringar, vil trekk i tilskotet bli større.

Det vil framleis berre bli tilskotssats per kommune, ikkje tilskot per innbyggjar. Verknader for kommunane i fylket:

	Distriktsindeks	Trekk
Fitjar	57	-50 %
Tysnes	38	-10 %
Jondal	27	-0 %
Ulvik	23	-0 %
Granvin	24	-0 %
Samnanger	56	-50 %
Fedje	24	-0 %
Masfjorden	43	-30 %

I kommuneproposisjonen tabell 7.1, kolonne 5, er det som nemnd illustrert verknadene av omlegging for distriktstilskot og småkommunetilskot. Omlegging gjer at samla småkommunetilskot vil bli redusert for kommunane i landet. Dette frigjer midlar som blir tilbakeførte kommunane. Departementet har i si førebelse utrekning rekna denne tilbakeføringa til kr. 15,- per innbyggjar.

For 2017 vil endelege tilskot i statsbudsjettet bli baserte på distriktsindeksar oppdaterte til 2015.

### Kostnadsnøklane

Departementet har gjennomgått kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Noverande kostnadsnøklar er oppdaterte etter nytt datagrunnlag. Oppdatering blir gjort på grunnlag av statistiske analysar som forklarar skilnader i kostnadene knytte til alderssamansetjing, sosioøkonomiske tilhøve og busetjing m.m.

Framlegget er i samsvar med høyringsnotatet med unntak av vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma 16 år og over. I høyringsnotatet var det framlegg om å redusera vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma. Det vil bli gjort ytterlegare utgreiing i denne samanheng. Inntil vidare blir det ingen reduksjon i vekta på dette kriteriet i utgiftsutjamninga.

Det blir lagt opp til oppdatering av kostnadsnøklane om lag kvart fjerde år framover. Ein eventuell reduksjon i vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma vil kunne kome tidlegare.

I kommuneproposisjonen tabell 7.1, kolonne 3, er fordelingsverknadene av endring i kostnadsnøklane illustrerte for kommunane.

Det blir bl.a. lagt større vekt på kriteria innbyggjarar i aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år. Dette bidreg til at kommunar med relativt få innbyggjarar i desse aldersgruppene taper, t.d. kommunane Fjell, Askøy og Meland.

Innbyggjarar 90 år og eldre får lågare vekt. Dessutan får landbrukskriteriet noko lågare vekt, delkriteriet areal dyrka mark blir teke ut og delkriteriet jordbruksverksemder blir vekta opp. Dette bidreg til at fleire distriktskommunar i fylket med relativt mange av dei aller eldste innbyggjarane og som tradisjonelt har vore landbrukskommunar taper.

### Samla illustrasjon av verknader

I kommuneproposisjonen, tabell 7.1, er dei samla verknadene av endringane i inntektssystemet illustrerte, per innbyggjar. Det må understrekast at dette berre er ein illustrasjon. Dei endelege tala for verknader kjem i statsbudsjettet til hausten og vil vere baserte på eit nyare og oppdatert kriteriegrunnlag. Denne oppdateringa kan gi utslag og endringar samanlikna med illustrasjon som er gitt i kommuneproposisjonen.

Vi vil gjere nærare greie for illustrasjonen i tabell 7.1.

Kolonne 6 syner totale fordelingsverknader, per innbyggjar. Dette består av endringane i kostnadsnøkkel, basistilskot, distrikts- og småkommunetilskot.

Kolonne 7 syner kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR, per innbyggjar. INGAR gir kompensasjon dersom tap frå eit år til det neste året er større enn kr. 300,- per innbyggjar. Utrekning i illustrasjon er berre knytt til sjølve endringane i inntektssystemet isolert.

Kompensasjon gjennom INGAR gjer at tap frå eit år til det neste ikkje blir for stort. Kompensasjonen blir gradvis mindre år for år. Tapet vil difor kome fullt ut etter ein periode, t.d. etter to - tre år.

INGAR i illustrasjonen er utrekna som, per innbyggjar:

- Total fordelingsverknad, frå kolonne 6, dersom tap er større enn kr. 300,-
- Trekk med kr. 300,- då det er tap utover dette nivået som blir kompensert
- Trekk med kr. 48,- som er finansieringa av ordninga for kommunane samla

Trekk kr. 48,- per innbyggjar vil vere for alle kommunar, både dei som tener og dei som taper på omlegging.

Kolonne 8 syner illustrasjon av førsteårsverknad for 2017. Det er lagt til grunn ein generell vekst i frie inntekter frå 2016 til 2017 med kr. 3,45 mrd. for kommunane samla i landet (før priskompensasjon til 2017-kroner), som utgjer kr. 668,- per innbyggjar.

Førsteårsverknad er utrekna som, per innbyggjar:

- Total fordelingsverknad, frå kolonne 6
- Tillegg med kr. 668,- i generell vekst
- Tillegg med kompensasjon gjennom INGAR. Dersom ingen kompensasjon, vil det likevel bli eit trekk på kr. 48,- (førebels utrekning) som alle kommunar må bidra med til ordninga.

I denne illustrasjonen vil ingen kommunar kome ut med ein svakare førsteårsverknad enn + kr. 320,- per innbyggjar som følgje av overgangsordninga INGAR og generell vekst i frie inntekter ( - 300 - 48 + 668 = + 320 ).

### **Statsbudsjett 2017**

Statsbudsjettet blir lagt fram torsdag 6.oktober.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	031/2016	30.05.2016
Ungdomsrådet	026/2016	30.05.2016
Formannskapet	050/2016	01.06.2016
Kommunestyret		

### Tertialrapport pr. 1.5.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Underskotet frå 2014 vert dekkja av rekneskapoverskotet frå 2015, jf. sak om årsrekneskapen. Midlane i budsjettet for 2016 på kr 1 395 000 som var avsett til dette, vert i staden avsett til driftsfond disposisjonsføreml.

Investeringprosjekt 405 Utleigebustad flyktningar.  
Finansiering på kr 3,9 mill., vert endra frå momskompensasjon til lån.

Tertialrapporten vert teken til etterretning.

#### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

#### Faktiske opplysningar:

Tertialrapporten ligg som vedlegg til denne saka.

Som vanleg gjev den ein statusrapport både når det gjeld økonomi, drift og investering. Rapporten er bygd ut med litt fleire økonomiske rapportar og oversyn enn kva ein har hatt før. Vi prøver å laga ein god samanheng mellom budsjett, tertialrapportar og årsmelding.



## Vurdering:

Første tertial 2016 har vore prega av mange og store saker som har tatt både tid og ressursar. Ulike skulesaker og ikkje minst kommunereforma har hatt eit hovudfokus. Tenesteproduksjonen i einingane har likevel gått som vanleg og einingane rapporterer at dei i hovudsak ligg i rute i høve resultatmåla for 2016.

Fleire einingar rapporterer om store økonomisk utfordringar. Under er kortversjonen, utfyllande informasjon i vedlagt tertialrapport.

Eining 1 Samfunnsutvikling  
Budsjett under kontroll, men stramt.

Eining 2 Barnehage  
Meirforbruk på kr 405 000.-

Eining 3 Undervisning  
Svært stramt budsjett

Eining 4 Helse, familie, velferd  
Svært stramt budsjett, vanskar med å halda ramma.

Eining 5 Pleie og omsorg  
Overforbruk så langt på 1,9 mill. Forventa overforbruk også framover, men mindre enn i 1. tertial.

Eining 6 Teknisk drift  
Kan ikkje halda budsjettet utan å stengja bygningar, vegar eller lågare brannberedskap.  
Estimert overforbruk på kr 1 300 000 – 1 500 000.-

Eining 8 Bjørnefjorden landbrukskontor  
Budsjett under kontroll.

Ansvar 9 Skatt, rammetilskot m.m.  
Skatt litt over budsjett. KS sin prognosemodell viser auke i inntekt på kr 1,3 mill på grunn av endringar i skatt og rammetilskot.

Det er fleire usikre faktorar når det gjeld drifta for resten av året, men det er grunn til uro når einingane gjev melding om forventa overforbruk og samstundes ikkje ser korleis dei kan gjera innsparringar for å redusera overforbruket.

Så langt i år er det faktiske overforbruket om lag 2,4 mill kroner ( eining 2 og 5).

Teknisk drift er klare på at dei ikkje vil kunna halda budsjettet utan svært drastiske tiltak og at det difor vil bli eit overforbruk på inntil 1,3 til 1,5 mill kroner.

Pleie og omsorg melder også om ytterlegare overskridingar i løpet av året. Samla overskriding om lag 4 mill kroner. Sjå også kommunestyresak 23/16.

I tillegg til dette har kommunestyret gjort vedtak om SFO ved alle skular uavhengig av elevtal. Dette utgjør ein kostnad på kr 279 000.- for haust 2016.

Det er svært vanskeleg å vurdere kva eit samla overforbruk for 2016 kan bli. Talla over vil utgjera om lag kr 5,5 mill kroner. Det vert gjort kva ein kan for spare og å driva effektivt. Utfordringa er at utgiftene kjem på område som er lovpålagt og som ein i liten grad kan styra eller planleggja. Samla overforbruk kan difor bli både mindre og større.

Den økonomiske situasjonen er alvorleg og utfordrande. Erfaringane med innkjøpsstopp og tilsetningsstopp tilseier at dette ikkje er eigna tiltak; det avlar mykje arbeid, har liten effekt og kan få tilfeldige og uheldige utslag. Einingane må styra stramt og så effektivt som mogleg. Situasjonen må vurderast på nytt i samanheng med tertialrapport pr. 1.9.2016.

På den positive sida viser KS sin prognosemodell at Fusa kommune kan forventast ein auke i skatt og rammetilskot på kr 1,3 mill i 2016, dersom utviklinga så langt held seg ut året.

Tertialrapporten må elles sjåast i samanheng med revidert økonomiplan.

**Vedlegg:**

Saksutgreiing - tertialrapport pr. 1.5.2016

1326529

24.05.2016

## Rapport pr. 1.5.2016 - 1. tertial

### Fusa kommune som tenesteleverandør og status på aktuelle måltal

#### Folketalsutvikling

Kommune 1241 Fusa	1. kvartal 2016	4. kvartal 2015	1. kvartal 2015
Folketal v/inngangen av kvartalet	3 876	3 846	3 838
Fødde	6	7	6
Døde	11	5	6
Fødselsoverskot	-5	2	0
Innvandring	12	5	10
Utvandring	3	1	3
Innflytting, innalandsk	37	49	30
Utflytting, innalandsk	27	25	26
Nettoinnflytt, inkl inn- & utvandr	19	28	11
Folkevekst	14	30	11
<b>Folketal v/utgang av kvartal</b>	<b>3890</b>	<b>3 876</b>	<b>3 849</b>

Folketalet har auka med 14 personar i første kvartal. Det er fødselsunderskot, men på grunn av innvandring og innanlandsk innflytting aukar likevel folketalet. Det er det høgaste folketalet i Fusa sidan 1970.

Alderssamansetninga hos oss har utvikla seg slik pr. 1.1.:

	2016	2015	Endring
0-19 år	1 012	1 007	5
20-66 år	2 186	2 171	15
67 år og eldre	678	660	18

#### Klagesaker som har gått til overordna instans, og tilsyn

Det er ikkje rapportert om klagesaker som har gått til overordna instans. Det har ikkje vore eksternt tilsyn i 1. tertial.

#### Sjukefråvere

Sjukefråvere i %	Pr. 01.05.	Gjennomsnitt for året
2016	7,9	
2015	10,1	9,1
2014	9,4	9,9
2013	9,0	8,2
2012	X	9,3

Kommunestyret gjorde i budsjettsaka følgjande vedtak om sjukefråværet:

*Kommunestyret har ei målsetting om å redusera sjukefråværet i Fusa Kommune til 7%*

Det er svært gledeleg at sjukefråværet for første tertial er redusert frå 10,1 % i 2015 til 7,9 % i 2016.

Dette på tross av at dei første månadane i år har vore utfordrande med mykje influensa og andre virussjukdommar. Forsking viser at nærværs- og fråværsarbeid er ein kontinuerleg prosess som ein ikkje kan sleppa taket i og som må vera godt forankra på alle nivå i organisasjonen. Dei som lykkast best er oppteken av forankring og involverer dei tilsette, verneombod, og tillitsvalde i arbeidet og tek utgangspunkt i lokale løysingar. God kunnskap hos alle partar er viktig. I år har eining for pleie og omsorg - i samarbeid med NAV arbeidslivssenter - gjennomført opplæring for leiarane og alle tilsette. Tema var forebygging, rettar og plikter knytt til sjukemelding, tilrettelegging m.m. Fokus og kompetanseheving har medverka til at sjukefråværet innan pleie og omsorg for første tertial er redusert frå 14,9 % i 2015 til 10,8 % for same periode år. NAV –har gjennomført kurs for einingane barnehage og undervisning i år – grunnkurs i arbeid og psykisk helse. Barnehageeininga har hatt dei siste to åra hatt fokus på å implementering av verdiane, leiarutvikling og gjennomføring av «lærande møte». Dei tilsette har vorte involvert og «sett» i prosessane. Fokus og innsatsen medverka i fjor til redusert sjukefråværet i barnehagane våre til 5,4%. Eining barnehage har eit sjukefråværet på 9,1 % i første tertial. Grunnen til dette er at mange tilsette vart ramma av influensaepidemien i februar/mars. Tal langtidssjukemeldte har også auka av ulike årsaker. Barnehagane får tett oppfølging av einingsleiar på dette området, og det er sett i verk nærværstiltak. Men i små kommunar kan tilfeldige variasjonar gje stort utslag. Variasjonane frå år til år gjer det vanskeleg å seia noko om den langsiktige utviklinga. AMU har saka på dagsorden i kvart møte for å sikra fokus på området.

## **Større saker under arbeid**

Ansvar 1: Samfunnsutvikling, økonomi og service.

Eininga har hatt ansvar for to store oppgraderingar som har kravt ekstra innsats frå mange:

10. mai var fyrste dagen Fusa kommune tok i bruk ny versjon av sakssystemet vårt, og vi har med det gått over til fullelektronisk arkiv. Det har vore ein arbeidskrevjande prosess som har involvert alle brukarar av sakssystemet.

Vi er også i gang med ei oppgradering av lønns- og økonomisystemet vårt. Oppgraderinga skjer i samarbeid med Tysnes og Samnanger og skal vera gjennomført i løpet av våren.

Ansvar 3: Undervisning

Kommunestyret vedtok i møte den 17.12.15 å slå saman Strandvik og Fusa til ein skule og Holdhus og Eikelandsosen til ein skule, begge med verknad frå 01.08.16. Vedtaket sette i gang ein omfattande prosess i eining undervisning, der alle skulane er involverte, men aktiviteten er størst i dei fire skulane som er direkte omfatta av vedtaket. På Fusa kommune sine heimesider ligg "*prosessplan for skulesamanslåing*" der mål og tiltak er formulert.

## Brukarundersøkingar – resultat og oppfølging

### Ansvar 3: Undervisning

Kvart år gjennomfører elevane på 7. og 10. årssteg elevundersøkinga.

Undersøkinga er obligatorisk å gjennomføra for alle skulane i landet. Undersøkinga er frivillig for elevane, og det er nokre elevar som vel å ikkje svara. Skuleåret 2015/16 svara 64,3 % av elevane på 7. årssteg og 53,3 av elevane på 10. årssteg på undersøkinga i Fusa kommune, dette er lågare svarprosent enn for Hordaland og resten av landet.

Resultata av elevundersøkinga synar svara som elevane gir kvart år. I Fusa har vi relativt få respondentar per årskull (+/- 40 elevar), noko som gjer resultata sårbare for årlege svingingar.

Det vil det bli interessant å sjå resultata over fleire år, slik at vi kan sjå ein trend; ei utvikling over tid. Slik undersøkinga står no, med resultat frå berre +/- 80 respondentar (2015 og 2016), må ein ta resultata til etterretning og gjera tiltak utifrå det.

Indikator og nøkkeltall for 7. årssteg:	2014-2015	2015-2016
Fusa kommune - Læringskultur	4,3	4,3
Hordaland fylke - Læringskultur	4,0	4,0
Nasjonalt - Læringskultur	4,1	4,1
Fusa kommune - Felles regler	4,4	4,4
Hordaland fylke - Felles regler	4,3	4,3
Nasjonalt - Felles regler	4,3	4,3
Fusa kommune - Trivsel	4,4	4,3
Hordaland fylke - Trivsel	4,3	4,4
Nasjonalt - Trivsel	4,4	4,4
Fusa kommune - Mobbing på skolen	1,1	1,1
Hordaland fylke - Mobbing på skolen	1,3	1,2
Nasjonalt - Mobbing på skolen	1,2	1,2
Indikator og nøkkeltall for 10. årssteg	2014-2015	2015-2016
Fusa kommune - Læringskultur	4,1	3,6
Hordaland fylke - Læringskultur	3,7	3,7
Nasjonalt - Læringskultur	3,7	3,8
Fusa kommune - Felles regler	3,5	3,6
Hordaland fylke - Felles regler	3,8	3,9
Nasjonalt - Felles regler	3,9	3,9
Fusa kommune - Trivsel	3,9	4,0

Hordaland fylke - Trivsel	4,1	4,1
Nasjonalt - Trivsel	4,2	4,2
Fusa kommune - Mobbing på skolen	1,2	1,3
Hordaland fylke - Mobbing på skolen	1,2	1,2
Nasjonalt - Mobbing på skolen	1,2	1,2

Elevane på 7. årsteg i Fusa opplever ein sterk kultur for læring, at dei vaksne i høg grad praktiserer felles regler, dei trivst godt og det er lite mobbing på skulen. Elevane på 7. årsteg ligg i snitt litt over resultatane i Hordaland og Noreg på alle område, men litt under på trivsel. Dei rapporterer om litt mindre mobbing enn snittet i Hordaland og Noreg.

Elevane på 10. årsteg opplev at det er middels kultur for læring, dei vaksne på skulen praktiserer ikkje alltid felles reglar, dei trivst godt på skulen og det er lite mobbing. Elevane på 10. årsteg ligg i snitt litt under resultatane i Hordaland og Noreg på alle område. Dei rapporterer om litt meir mobbing enn snittet i Hordaland og Noreg.

#### Oppfølging av resultatane:

Alle skulane i Fusa jobbar med elevane sitt læringsmiljø. Hausten 2014 starta alle skulane opp eit felles utviklingsarbeid med fokus på klasseleiing og relasjonen mellom vaksne og elevar. Mål for dette arbeidet er at alle elevar skal oppleve at dei blir likt av vaksne på skulen, og dette er dei vaksne sitt ansvar. Dette utviklingsarbeidet går føre framleis, og er eit systemarbeid som skal gå over tid. I 2016 er verdisetten ROMSLEG knytt til arbeidet med elevane sitt læringsmiljø.

Ungdomsskulen er i ei god utvikling der det er fokus på systematisk arbeid med læringsmiljøet. Ulike tiltak er sett i gang der både elevråd, FAU og helsesøster er involvert i arbeidet saman med tilsette og leiinga ved skulen.

Når det gjeld rapportering om mobbing, så har alle skulane gått inn i sine tal og forsøkt å identifisera kven som har varsla om mobbing for å setja inn tiltak. Elevundersøkinga er anonym, så sjølv om ein klarar å identifisera nokre av dei som har varsla om mobbing, er det ikkje alltid at skulen lukkast med å identifisera alle. Skulane i Fusa tar mobbing på høgste alvor, slike saker skal alltid ha første prioritet.

#### Ansvar 4: Helse, familie og velferd

Flyktningtenesta gjorde ei brukarevaluering i februar der ein spurde flyktningane i to fokusgruppediskusjonar med kjønnsdelte grupper i alderen 17-50 korleis dei opplevde å verte busett og integrert i kommunen. Alle var einige om at det var godt å bu i Fusa og at fusingane hadde teke godt imot dei. Familiar opplever det lettare enn einslege. Dei er svært opptekne av at alt skal vera rettvist/lik, og at språk og informasjon var ein enorm barriere for alle, ved busetting og eitt år seinare. Å skjønna det norske systemet, brev frå det offentlege, innkallingar til helsevesenet, rekningar osv. er svært utfordrande. Introduksjonsprogrammet treng meir differensiering, fleire lærarar og meir individuell oppfølging, meir arbeidspraksis og språkkinnlæring. Mykje positive tilbakemeldingar rundt sommarprogrammet og fritidssyslar. Kvinnene ville ha meir aktiviteter utan mann og barn.

Tilbakemeldingane frå brukarane vert ein viktig basis for den nye handlingsplanen og ein ønskjer no å betre prosedyrane rundt busetjing, introduksjonsprogram, programvegleiing, informasjonsarbeid og tolking.

#### Ansvar 5: Pleie og omsorg

I januar-16 fekk vi rapport frå brukarundersøkinga knytt til øyeblikkeleg-hjelp-senga på Fusa bu- og behandlingssenter. Rapporten gjeld undersøkingar gjennomført frå tilbodet vart oppretta hausten 2012 og ut 2015. I alt 33 personar har delteke i undersøkinga. Rapporten viser at over 90 % av pasientane i stor, eller svært stor grad har kjent seg trygge under opphaldet og meiner dei har fått tilfredstillande hjelp. Vi scorar høgt på pasienten si oppleving av organisering og kompetanse knytt til ØH-senga, og til pasienten si kjensle av å bli lytta til og teken på alvor.

### Opptak i kulturskolen skuleåret 2016-2017

Opptaket er ikkje fullført. Vi ventar på respons på tilbod om dans.

### Opptak i barnehage

Barnehage	Plassar inn 01.08.2016	Tal barn inn 01.08.2016	Tal barn over i skule 2016	Tal avslag
Strandvik	8	4	9	0
Trollskogen	12	7	8	0
Jettegryto	11	9	10	1
Holdhus	6	3	6	0
Søre Fusa	9	5	3	0
Holmefjord	7	5	3	0
<b>Totalt</b>	<b>53</b>	<b>33</b>	<b>39</b>	<b>1</b>

Det kom mange søkjarar ved hovudopptaket 01.03.2016. Søknadsmassen utgjer 53 plassar. Det går 39 barn over i skulen frå 01.08. Alle søkjarane med rett til barnehageplass fekk plass, men ikkje alle fekk førstevalet sitt. Det var også eit barn som fekk avslag på grunn av at barnet ikkje hadde lovfesta rett til barnehageplass.

Opptaket fører til at eining barnehage må auka bemanninga i Søre Fusa barnehage. Denne barnehagen må aukast med 6 barnehageplassar på grunn av barn med lovfesta rett til barnehageplass.

Alle barnehagane er «fulle» etter bemanning, Jettegryto er sprengt med 66 plassar kvar dag. Dermed er «bufferplassane» til dei barna som søker utanom hovudopptak vekke. Konsekvensen av dette er at det ikkje er kapasitet i barnehagane til å gje barnehageplass til barn som søker utanom hovudopptaket.

### Opptak i SFO

Skule:	Tal søkjarar frå 15.08.16:	Kommentar:
Strandvik	0	Ikkje kommunal skule frå 01.08.16.
Fusa	22	
Nore Fusa	3	Færre enn 8 søkjarar.
Eikelandssosen	24	
Holdhus	0	Ikkje kommunal skule frå 01.08.16.
Søre Fusa	4	Færre enn 8 søkjarar.

## Status på resultatmål

Utviklingsmåla vert vedtatt av kommunestyret i Handlings- og økonomiplanen. Utviklingsmåla står under kvar eining i Handlingsplanen frå side 33.

Etter fire månadar er det litt tidleg å ha full gjennomgang av status for måla. Tilbakemeldingane frå einingane er at dei er godt i gang. Det er likevel nokon mål som ein allereie no ser at det av ulike årsaker ikkje er mogeleg å få gjennomført i år:

4.1	Vi startar bygging av fleirbrukshall.	Grunnarbeidet startar opp i 2016, men sjølv hallen vert ikkje starta før i 2017.
8.1	Vi gjennomfører etableringa av felles kulturskule med Os kommune.	Det er vedtatt eit år til med prøvedrift.
8.2	Vi utviklar IT-vaktsamarbeid med Samnanger kommune.	Samnanger har takka nei til samarbeid.
1.3	Vi utarbeider «Handlingsplan knytt til vold i nære relasjonar».	Manglande kapasitet, ynskjeleg å ha med ny kommunepsykolog i arbeidet.
1.4	Vi rullerer «Handlingsplan for psykisk helse» i tråd med «Saman om meistring», dei nye statlege retningslinjene for samkøyring av rus- og psykiatrifeltet.	Manglande kapasitet, ynskjeleg å ha med ny kommunepsykolog i arbeidet.



## Status for planarbeidet

**raud** = ikkje kome i gang – sjå kommentar

**gul** = starta opp/under arbeid – sjå kommentar

**grøn** = ferdig

Iflg. kommunal planstrategi for 2014-2016 (K-vedtak 16.10.2014) skal følgjande planarbeid gjerast ferdig eller setjast i gang i 2016. Ansvarleg eining står i kolonnen til høgre.

KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2014-2016		
Kommuneplan	Status	Ansvar
Handlingsdel = økonomiplanen	Revidering av økonomiplan under arbeid.	SaØkSe – stab
Beredskapsplan		
Oppdatering av delplanar/utarbeiding av nye delplanar og tiltaks-kort til beredskapsplanen for Fusa kommune i samsvar med Kommune-ROS Fusa 2015		Samf.utv., øk. og service – stab m.fl.
Plan for brannordning		Teknisk drift – Fusa brann og redning
Kommunedelplan areal		
Akvakultur – NY: Teke ut av arealplanen, jf. K-sak 38/15	Til vurdering om det skal vera eigen plan for Fusa, eller i samarbeid med kommunar rundt Bjørnafjorden.	SaØkSe – PBO
Tematiske kommunedelplanar		
Trafikksikring	Kjem i denne møterunden.	Teknisk drift
Avlaup		Teknisk drift (kjøp av ten.)
Vatn		Teknisk drift (kjøp av ten.)
Kulturplan	Planprogram for kulturplan med underliggjande planar skal til handsaming våren 2016.	SaØkSe – Kultur
Kulturminneplan/kulturvernplan – inngår som del av heilskapleg kulturplan		Samf.utv., øk. og service – Kultur
Hovudplan veg		Teknisk drift
Områdeplanar		
Områdeplan for Eikelandsosen	Planutvalet har gjort sitt fyrste vedtak om avgrensing av planområdet.	SaØkSe – PBO /kjøp av tenester
Sektor-/temaplanar		
Rusmiddelpolitisk handlingsplan – rullering		HFV + SaØkSe – stab
Den kulturelle skulesekken: "Kulturnisto – plan for kulturformidling i skule og barnehage" – inngår som del av heilskapleg kulturplan		Samf.utv., øk. og service – Kultur
Plan for vaksenopplæring (jf. Introduksjonsprogram/ Handlingsplan for flyktingtenesta)	Ingen eigen plan (sjå under)	Undervisning
Introduksjonsprogram/Handlingsplan for flyktingtenesta		Helse, familie og velferd
Delegasjonsreglement A. frå politisk nivå til rådmannen B. frå rådmannen til leiarane		Samf.utv., øk. og service – stab
Personalpolitisk plan ("Skodd for framtida" (KS), arbeidsgjevarstrategi)	Fyrste del er gjennomført i 2015. Arbeidsgruppa må	Samf.utv., øk. og service – stab

	gjera resten i år.	
Handlingsplan for landbruk i Fusa	Planen vert starta opp til hausten. Gjeld også Tysnes og Samnanger.	Bjørnefjorden landbrukskontor
Den kulturelle spaserstokken – plan for kulturformidling til eldre – inngår som del av heilskapleg kulturplan		Samf.utv., øk. og service – Kultur
IT-plan (inkl. Plan for internkontroll og informasjonssikkerheit, e-kommuneutvikling, innkjøp/investeringar)		Samf.utv., øk. og service – stab
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar		HFV
Hovudplan for skogsbilveggar		Bjørnefjorden landbrukskontor
Plan for småkraftutbygging – NB! Dersom det er kapasitet		Samf.utv., øk. og service – PBO
Plan for rehabiliteringstenester – NB! Dersom det er kapasitet		Helse, familie og velferd
<b>Interkommunale planar</b>		
Interkommunal strandsoneplan	Planarbeidet er stilt på vent.	SaØkSe – PBO

## Økonomien i einingane og ansvarsområda

Rekneskap, revidert budsjett og forbruksprosentar for einingane, pr. 1.5. 2016. Alle beløp i heile tusen.

Oppsummert ser biletet slik ut for einingane, når 33 % av året har gått:

Ansv	Rekneskap pr. 01.05.	Vedtatt budsj.ramme	Forbruks-% av ramme	Lønsvekst**	Omorg PPT	Rev budsj	Forbr% av rev budsjett
1	14 824	35 009	42,3 %	165		35 174	42,1 %
2	8 035	22 931	35,0 %	16		22 947	35,0 %
3*	23 076	56 192	41,1 %	39	2 717	58 948	39,1 %
4*	10 503	21 550	48,7 %	57	-2 717	18 890	55,6 %
5	32 540	80 943	40,2 %	27		80 970	40,2 %
7	5 601	4 665	120,1 %	33		4 698	119,2 %
8	1 169	1 444	81,0 %			1 444	81,0 %
9	-82 103	-223 154	39,4 %			-223 144	39,4 %

\*PPT er frå 1.1. flytta over til ansv. 3. Netto trekk ansv 4 kr 2717, ditto auke ansv. 3.

\*\*Lokale forhandlingar h-2015 kp 3 og 5

### Ansvar 1 – Samfunnsutvikling, økonomi og service:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Samf.u., øk., service	14 824	35 174	42,1%	13 039	36 400	35,8 %

#### Oppsummering:

Samla sett er budsjettet under kontroll for 2016.

Det er store eingongsutgifter som t.d. forsikring som kjem tidleg i året. Det driv utgiftene opp. Inntekter med internsal og andre overføringar er ikkje gjort så langt i år. Plan- og byggesak har sendt ut svært får gebyr så langt. Her vil ein vera ajour til neste tertialrapport. Lønnsutgiftene er der dei skal vera.

## Ansvar 2 – Barnehage:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Barnehage	8 035	22 947	35,0 %	8 524	22 510	37,9 %

### Oppsummering:

Lovpålagt auke i bemanning og endring i tilskot til private barnehagar gjer at eininga får eit meirforbruk på kr 405 000 i 2016.

Opptaket fører til at eining barnehage må auka bemanninga i Søre Fusa barnehage. Grunnen er at denne barnehagen må aukast med 6 barnehageplassar på grunn av barn med lovfesta rett til barnehageplass. Dei fem andre barnehagane er «fulle» etter bemanning. Dette fører til ein auka lønnskostnad på kr 280 000,- som det ikkje er budsjettert med i 2016.

Vilkåra for tilskot til den private barnehagen har endra seg sidan budsjett for 2016 vart laga. I desember 2015 vedtok regjeringa at den private barnehagen skal ha 100 % av det som det kostar å drive dei kommunale barnehageplassane. I 2015 var tilskotsprosenten til den private barnehagen 98 %.

Kunnskapsdepartementet vedtok 16.12.15 ny reglar for kapitaltilskot til private barnehagar. Frå 2016 skal private barnehagar ha kapitaltilskot ut i frå byggeår. Dette fører til at kapitaltilskotet til Vinnes barnehage går opp frå kr 9 500 ,- per plass til kr 17 700,- per plass. Satsane på kapitaltilskot er fastsatt av Kunnskapsdepartementet. Dette fører til ein auka kostnad til den private barnehagen på kr 125 000,- som ikkje er rekna inn i budsjett 2016.

Forbruksprosenten er litt høg. Det kjem inn refusjonar på tilsette som går i tilrettelagte stillingar og som er langtidssjukemeldte. Barnehagane i Fusa driv effektivt, visar tala frå Kostra. Eining barnehage har ikkje mogelegheit til å setje i gang tiltak for å ta inn overforbruket.

Eining barnehage har eit forventa overforbruk i 2016 på kr 405 000,-.

## Ansvar 3 – Undervisning:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Undervisning	23 076	58 948	39,1 %	23 422	56 062	41,8 %

### Oppsummering:

Det er ikkje uvanleg at undervisning har noko høgare forbruk i første og tredje tertial. Grunnen for det er at i 2. tertial er skulane stengt, og kostnaden til drift er noko lågare.

Tilskotet som vaksenopplæringa får direkte frå IMDI til lovpålagt introduksjonsprogram, er langt i frå tilstrekkeleg til å dekkja dei reelle kostnadane. Det er venta auke i tal flyktningar på introduksjonsprogrammet i løpet av 2016. Dette medfører auka behov for bemanning på vaksenopplæringa i 2016. Kostnaden til dette må sjåast i samanheng med samla flyktningbudsjett.

Det er jamt over krevjande for skulane og SFO å halda budsjetta til løn. Skulane har svært knappe rammer til å utføre dei lovpålagte tenestene. Særleg er det lite handlingsrom for å gjera tiltak som inneber auka bemanning. Dette gjer at det er utfordrande for skulane å levera lovpålagte tenester som spesialundervisning og tiltak for elevane sitt læringsmiljø.

SFO med få elevar, eller elevar med særleg trong for hjelp på SFO, har problem med å halda rammene. Kommunestyret vedtok 27.04.16 at det skal vera SFO ved alle dei fire barneskulane frå hausten 2016, sjølv om det er færre enn 8 søkjarar til SFO. Dette medfører ei meirkostnad på om lag 279.000 kr for 2016, og ei årskostnad på om lag 670.000 kr for 2017. Dette er kostnadar som eining Undervisning ikkje klarar å dekkja inn på ordinært budsjett.

#### Tiltak for å halda budsjettet i balanse:

Tiltak:	Konsekvens:
Skulane reduserer lønskostnadar til om lag 400 % stilling for lærarar og fagarbeidar/assistent frå 01.08.16.	Elevar som har gått i kommunal skule har søkt seg til private skular frå hausten 2016. Som ein konsekvens av det, blir det mindre trong for lærarar og assistentar/fagarbeidarar i dei kommunale skulane frå 01.08.16.

#### Ansvar 4 – Helse, familie, velferd:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Helse, fam., velferd	10 503	18 890	55,6 %	9 942	27 645	36,0 %

#### Oppsummering:

Svært høg forbruksprosent som vert noko betre (41%) når refusjonar er ført. Ein har i tillegg statlege refusjonar på barnevern og fysioterapi som kjem etterskotsvis som gjer bildet noko betre. Men sjølv med stram budsjettstyring, ser det ut som eininga vil ha vanskar med å halda tildelt ramme.

Eininga har økonomiske utfordringar på fleire område. På barnevern har ein store kostnadar knytt til barnevernstiltak og reduserte statlege tilskot på grunn av mindreforbruk i 2015. Auka

kostnader til økonomisk sosialhjelp, avlastning og til legevikarar p.g.a. ledig fastlegeheimel, er og noko av forklaringa. Planlagd innsparing knytt til budsjettvedtak, lar seg ikkje gjennomføra i 2016. Flyktingtenesta har store oppgåver framfor seg knytt til busetting av einslege mindreårige flyktingar, der Bufetat er ansvarleg for busetting av dei under 15 år og refunderer 80 % av alle kostnader knytt til busetting av alle einslege mindreårige. Av dei 30 flyktingane vi skal busetja i år, kjem 60 % seint på året. Dette vil gje høgare inntekter enn utgifter. Tenesta har fått tilskot til kommunepsykolog halve året og avslag på søknad om tilskot til arbeid mot barnefattigdom.

Flyktingtenesta har gjennomført brukarundersøkingar, og ansvar for logopedtenesta med PPT er flytta til eining oppvekst.

Planarbeid: Eininga har ein ambisiøs plan for 2016, og ein er godt i gang med plan for flyktingtenesta og rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan. Handlingsplanane mot vold i nære relasjonar, rehabilitering og psykisk helse vert nedprioritert, om mogeleg laga mandat for arbeidet i 2016.

Byggeprosjekt 400 – Tiltak bustadsosial plan, forprosjekt og 403 – Utleigebustad – tiltak bustadsosial plan er utsett.

#### Ansvar 5 – Pleie og omsorg:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Pleie og omsorg*	32 540	80 970	40,2 %	29 157	74 362	40,2 %

\*var to einingar – heimetenester og FBBS – inntil 1.7.2015. Har her lagt inn sumtal for 2015 som om det var ei eining også pr. 1.5.15.

#### Oppsummering:

Overforbruket i Pleie og omsorg finn ein ikkje dekning for innan eige ansvarsområde. Det er venta overforbruk i månadane framover, men gjerne ikkje like høgt som i 1. tertial.

Årsaka til at forbruk pr. 1 tertial ligg høgt har to hovudforklaringar: Det er ikkje ført refusjonsinntekter for ressurskrevjande tenester på noverande tidspunkt. Venta refusjon for perioden er 3 980`. Når ein legg til store, kjende utgifter som enno ikkje er ført i rekneskapan, er forbruket kalkulert til kr 28 890` pr 1.5. Dette gjev eit forbruk på 35,7 % av revidert budsjett, og tilsvarar eit overforbruk på 1 943`kr. Pleie og omsorg har som tidlegare rapportert store utfordringar.

Vi merkar samhandlingsreforma godt, m.a. fordi pasientar vert tidleg utskrivne frå sjukehus med omfattande hjelpebehov. Kapasiteten på Fusa bu- og behandlingssenter (FBBS) og i heimetenestene er sprengt, og det har ført til at vi har hatt store utgifter knytt til ferdigbehandla pasientar som har vorte liggjande på sjukehus. Endra og auka behov hos fleire brukarar i alle avdelingar gjer også at kravet til ressursar og kompetanse aukar. For å kunne gje brukarar forsvarlege og nødvendige helsetenester, har vi mellom anna bemanna opp og gjeve heildøgnspleie og -omsorg i omsorgsbustadene på Eikhovdaheimen. Vikarbyrå vert nytta for å sikre

drifta i fleire av avdelingane. Arbeidspress og tempo for dei tilsette er generelt høgt som følgje av nedskjeringar og auka utfordringar.

Ein jobbar kontinuerleg med å finna gode løysingar som skal redusera driftsutgiftene i eininga. På noverande tidspunkt kan det sjå ut til at overforbruket i Pleie og omsorg vil verta litt redusert framover, utan at det kan seiast noko eksakt om kronesum.

#### Ansvar 7 – Teknisk drift:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Teknisk drift	5 601	4 698	119,2 %	6 118	7 882	77,6 %

#### Oppsummering:

Det vil ikkje vera mogeleg for eininga å halda budsjettet utan å stengja bygningar eller vegar, eller ha ein uforvarleg låg beredskap på brann. Med tanke på neste år, må eininga ha ei større auke i ramma for å utføra dei tenestene ein har ansvaret for.

Slik det ser ut, er budsjettmidlane til vegvedlikehald langt på veg brukt opp når vintervedlikehaldet i første tertial er betalt. Det som er att er beredskapsgodtgjersle bunde til kontraktane for andre halvår. Når det gjeld bygningsvedlikehald, ser det også ut til å bli vanskeleg å halda budsjettet. Kor me landar er ikkje mogeleg å sei no; det er heilt avhengig av kva akutte tiltak som må gjerast for å halda bygningane i drift.

Brann og redning ser også i år ut til å få eit overforbruk på meir enn kr. 500 000, trass i at budsjettet er auka med om lag 14 % frå 2015. Resultatet er m.a. avhengig av talet på utrykkingar resten av året. Det ligg også an til overforbruk både innan veg og bygning.

Samla overforbruk 1,3 – 1,5 mill kroner avhengig av brannutrykkingar, snøfall og uforutsette reperasjonar.

Inntektene for første termin på kommunale gebyr er rekneskapsførte etter at tala i tabellen er henta ut, og den reelle forbruksprosenten er såleis lågare enn kva som er vist i tabellen.

#### Ansvar 8 – Bjørnefjorden landbrukskontor:

Ansvar	1. tertial -16	Rev. budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Rev. budsj -15	% forbruk -15
Bj.fj. landbr.kontor	1 169	1 444	81,0 %	1 221	1 397	87,4 %

#### Oppsummering:

Det tilsynelatande høge forbruket skuldast at det pr 30. april ikkje har komme inn refusjonar frå dei andre kommunane. Første termin (av to) vert fakturert i mai.

#### Ansvar 9 – skatteinntekter, inntektsutjamning, rammetilskot, renter og avdrag:

Ansvar	1. tertial -16	Budsj -16	% forbruk -16	1. tertial -15	Budsj -15	% forbruk -15
Skatt, ramme etc	-45 180	-114 739	39,4 %	-80 551	-220 637	36,5 %

#### Oppsummering:

- Skatteinntektene er litt betre enn forventa så langt i 2016
- KS sin prognosemodell tilseier ein auke i inntekt for 2016 på kr 1,3 mill
- Lønsoppgjæret vert 0,3% lågare enn budsjettet.
- Eigedomsskatt om lag som budsjett.
- Revidert nasjonalbudsjett ser ikkje ut til å ha innverknad for årsbudsjett 2016

#### Skatteinngang og inntektsutjamning

I budsjettet er det rekna eit kommunalt skattøyre på 11,8 %.

I statsbudsjettet er det rekna med ein skatteauke på 6 % frå 2015 til 2016.

Skatteinngangen fyrste tertial er kr 1.757.056 høgare i 2016 enn i 2015. Det gjev ein auke på 6,18 %, som er noko over anslaget i statsbudsjettet.

KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot er fornya i februar 2016 etter vedteke statsbudsjett og med innbyggjartal pr. 1.1.2016. inneber ein prognostisert samla inntektsauke på kr 1,3 mill årleg. Denne summen er lagt inn i revidert økonomiplan. Vi må vurdere om det skal gjerast budsjettendring i samband med andre tertial. Vi vil då ha eit betre grunnlag for vurdering.

#### Revidert nasjonalbudsjett

Revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram 11.05.16. Det er fleire tiltak knytt til arbeidsløyse. Desse målretta tiltaka skal gå til Sør- og Vestlandet. Det gjeld m.a. eingongstilskot til vedlikehald av kommunale vegar, bygg og anlegg. Fusa kommune er så langt ikkje spesielt hardt ramma, så det er lite truleg at ein vil få nytte av desse tiltaka.

Det er gjort ein del justeringar i tilknytning til integrering, av di det er forventa noko færre asylsøkjjarar. Det er innført ein del målretta tiltak for raskare integrering. Vi veit for lite om ordningane til at vi kan sei noko om at dette kan gje Fusa kommune utteljing.

Så langt ein kan sjå er det elles ikkje tiltak i revidert nasjonalbudsjett som vil gje noko større innverknad på budsjettet til Fusa kommune. Meir informasjon om revidert nasjonalbudsjett finn du her: <http://www.statsbudsjettet.no/Revidert-budsjett-2016/>

#### Lønsoppgjæret

Det er budsjettet med ein lønsauke på 2,7 %. Oppgjæret som er forhandla fram av KS har ein lønsauke på 2,4 %. Det vil sei ein buffer på 0,3% i høve til budsjett, om lag kr 475 000.-

Det ligg også justeringar av lønssstigar m.m. i oppgjæret. Kva oppgjæret faktisk vil bety for Fusa kommune er ikkje godt å seia. Det er ikkje usannsynleg at bufferen reelt sett er lågare enn 0,3%

## Dekking av underskot frå 2014

Fusa kommune hadde eit underskot i 2014 på kr 1.395.000.- Fylkesmannen har peika på at underskotet må dekkast inn seinast i 2016 for å unngå å «bli registrert for godkjenning og kontroll etter kommunelova paragraf 60 (Robek).»

I budsjettskrivet frå Fylkesmannen 25.04.16 tilrår Fylkesmannen fylgjande:

«Kommunen hadde eit netto driftsoverskot for 2015 med kr. 2,4 mill. Etter netto bruk av driftsfond var det eit rekneskapsoverskot for 2015 med kr. 2.986.000,-. Fylkesmannen legg til grunn at rekneskapsoverskotet for 2015 blir nytta til å dekkja inn rekneskapsunderskotet frå 2014. Den overskytande delen av 2015 - overskotet bør nyttast til avsetjing disposisjonsfond.»

Det er budsjettert med eit netto driftsoverskot for 2016 med kr. 2,9 mill. I vedteke budsjett er det innarbeidd inndecking av underskotet frå 2014. Når rekneskapsunderskotet frå 2014 i staden blir dekt inn med rekneskapsoverskotet for 2015, bør netto driftsoverskot i år i større grad bli nytta til auka avsetjing til disposisjonsfond.»

## Rapportering etter Reglement for finansforvaltning

Reglement for finansforvaltning vart vedtatt i Fusa kommunestyre 15.10.15.

I Finansreglement 6.4 Rapportering, heiter det:

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering og årsmelding innarbeida opplysningar til kommunestyret om finansiell status for forvaltninga av ledig likviditet, lån, rente og avdragsutgifter.

I vedlegg 1 ligg det ei rekkje tabellar og oversiktar som går meir i detalj. Her er oversikt over hovudtall når det gjeld drift, investering, balanse, avdrag, renteutvikling, garantiansvar og ei grafisk framstilling av økonomisk status i einingane.

## Andre vedtak i Fusa kommunestyre sitt budsjettmøte

Kommunestyret gjorde i budsjettsaka fylgjande vedtak om nye tiltak og utgreiingar:

Kommunestyret ber rådmannen om ei sak vedr. innkjøp.

Det har ikkje vore kapasitet til å utarbeida sak om innkjøp.

Kommunestyret har ei målsetting om å redusera sjukefråværet i Fusa Kommune til 7%.

Sjå kommentar på side 1.

Kommunestyret ber rådmannen koma med ei eigedomsmelding til første møterunde 2016 der ein drøfta eigarstrukturen til Fusa kommune.

Eigarskapsmelding 2016 – 2019, vart vedtatt i Fusa kommunestyre 18.02.2016

Stortinget har auka løyvinga til tiltak for barn som veks opp i familiar med låg inntekt.

Kommunestyret ber rådmannen syta for at kommunen søkjer om midlar til tiltak for barn som veks opp i låginntektfamiliar. Pengane skal nyttast til fritidstiltak for den aktuelle gruppa.

Det er sendt søknad, men den vart ikkje innvilga.

Fylkestinget har sett av midlar til punktutbedringar på trafikkfårlege vegar. Kommunestyret ber rådmannen søkja Hordaland Fylkeskommune om midlar til delvis finansiering av overgangen på Rød.



Det vart søkt om midlar til utbetring av sving ved Tombre og ljøs i Hovdatunnlelen ved Femanger. Det er løyvt kr 400 000.- til utbetring av sving ved Tombre.

#### Innsparingstiltak

Einingane har fokus på effektiv og økonomisk drift.

Det ligg ei rekke innsparingstiltak til grunn for budsjett 2016. Ein god del av tiltaka er sett i verk, andre har vist seg vanskeleg å gjennomføra. I tillegg har det kome til nye utfordringar i 2016 som ein ikkje såg då budsjettet vart lagt i fjor haust. Kommentrane frå einingane gjev ei samla vurdering av den økonomiske stoda.

#### Status for investeringsprosjekta

**raud** = ikkje kome i gang – sjå kommentar

**gul** = starta opp/under arbeid – sjå kommentar

**grøn** = ferdig

Utfyllande tekst til prosjekta er i Handlingsplanen frå side 53.

Nr.	Prosjekt	Bestillar	Utførar	Status
20	Hovudplan avlaup:	Teknisk drift	Teknisk drift	
30	Hovudplan vatn:	Teknisk drift	Teknisk drift	
33	Søre Fusa oppvekstsenter – ny sнопlass bussar – reguleringsplan:	Teknisk drift	Teknisk drift	Arbeidet sett på vent
50	Pleie- og omsorg og Helse, familie og velferd – diverse utstyr:	PLO + HFV	PLO + HFV	
51	Div. opprusting Hellemyra:	PLO	Teknisk drift	Ferdig i juni.
52	Eikelandsosen helsesenter:	HFV – Lege	Teknisk drift	
70	Trafikksikring:	Teknisk drift	Teknisk drift	Bru Opsalmarka ferdig
80	Opprusting vegar jf. hovudplan:	Teknisk drift	Teknisk drift	
90	Adresse og vegskilting Hålandsdalen og søre del av Fusa:	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO + Teknisk drift	Vert fullført i løpet av hausten.
100	E-kommune – digitale tenester:	SaøkSe	SaøkSe	Oppgradering av Acos websak er fullført. Oppdatering av økonomisystem under arbeid.
102	Telefonsentral/telefonisystem Fusa kommune:	SaøkSe	SaøkSe	Arbeidet er starta opp, val av system er ikkje gjort.
110	Læremiddel og IKT skule/barnehage:	Barnehage + Undervisning	Barnehage + Under-visning	Investering vert gjort hausten 2016.
120	Digitalisering av kart:	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO	Vil bli fullført i løpet av året.
130	Leikeplassar – uteområde	Barnehage	Barnehage	I 2016 må ein

	<b>barnehagar/skular:</b>	+ Undervisning	+ Under-visning	del av midlane nyttast til å leiga inn kompetanse for å få leikeplassane godkjent.
134	<b>Universell utforming Søre Fusa oppv. – skulen:</b>	Undervisning	Underv. + Tekn. drift	
180	<b>Oppgradering kommunale bygg etter utgreiing:</b>	PLO, HFV, Undervisning, Barnehage	Teknisk drift	Fleire tiltak i arbeid.
181	<b>Nye arbeidsplassar for lærarar Fusa skule og Eikelandsosen skule:</b>	Undervisning	Teknisk drift	Det er truleg ikkje trong for å auka tal arbeidsplassar ved Fusa skule.
182	<b>Investering i skulebygg:</b>	Undervisning	Teknisk drift	
183	Midlane er lagt inn under tiltak 182 og med nytt prosjektnamn.			
200	<b>Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor:</b>	Fusa sokn	Fusa sokn	
202	<b>Opprusting av skulebibliotek:</b>	Undervisning	SaøkSe – Kultur	Under arbeid.
203	<b>Kommunedelplan akvakultur:</b>	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO	Vi er i dialog med Fylkesmannen om ein skal laga plan for eit større område enn berre Fusa
212	<b>Innbinding av møtebøker:</b>	SaøkSe	SaøkSe – Arkiv	
220	<b>Områdeplan Eikelandsosen:</b>	SaøkSe	SaøkSe – PBO	Planutvalet har gjort sitt fyrste vedtak i saka.
225	<b>Industriområde Heiane – oppfølging arealplan:</b>	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO	Planutvalet har vedtatt at det skal lagast eigen plan.
228	<b>Bustadfelt Helland – oppfølging arealplan:</b>	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO	Planutvalet har vedtatt at det skal lagast eigen plan.
230	<b>Vidareutvikling av Eikelandsosen sentrum:</b>	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO + Teknisk drift	Skal sjåast i samanheng med områdeplanen.
240	<b>Fleirbrukshall/idrettshall:</b>	SaøkSe –	Teknisk drift	Arbeid med

		Kultur		omlegging av veg er starta.
243	<b>Turveg Skjelbreid-Eikelandssosen:</b>	Teknisk drift + SaØkSe – Kultur	Teknisk drift	Det har vore eit fyrste møte med grunneigarane.
261	<b>Tilbygg til brannstasjonen:</b>	Teknisk drift – Brann /redning	Teknisk drift	Under prosjektering. Ventar på avklaring av alternativa.
270	<b>Ombygging FBBS:</b>	PLO	Teknisk drift	Første del er klar. Andre del under om-prosjektering.
285	<b>Bilar Pleie og omsorg/heimetenester:</b>	PLO	PLO	Etter grundigare vurdering er det kjøpt to bilar med 4-hjulstrekk og ikkje el-bilar.
400	<b>Tiltak bustadsosial plan – forprosjekt:</b>	HFV, PLO	Teknisk drift	
403	<b>Utleigebustad – tiltak bustadsosial plan:</b>	HFV	Teknisk drift	
405	<b>Utleigebustadar flyktningar – bustadsosial plan:</b>	HFV	Teknisk drift	4 husvære under bygging, ferdig i november.
998	<b>Startlån:</b>	HFV		
999	<b>KLP eigenkapitalinnskot</b>	SaØkSe – Øk.	SaØkSe – Øk.	

#### Kommentar til tiltak 405. Utleigebustad flyktningar

Den økonomiske ramma for prosjekt 405 knytt til bygging og kjøp er på 15 millionar kroner. Vi har eit godkjent prosjekt i Husbanken på dette - kr. 10.400.000,- som omfattar prosjektering, bygging, uføresette utgifter og prosjektleiing. Husbanken har meldt at dei reduserer tilskot frå 40 % til 25 % av prosjektkostnaden pga. svært stor byggeaktivitet i kommunane i 2016. Dette medfører ei reduksjon i tilskot i høve budsjett på ca. 1,5 mill. Fusa kommune har sendt ei klage på dette vedtaket. Det vert ikkje gjort økonomiske tiltak i budsjettet før vi har fått svar på klagen.

Investeringprosjekt 405 Utleigebustad flyktningar, var finansiert m.a. med momskompensasjon på kr 3,9 mill. I ettertid viser det seg at det ikkje vert gitt momskompensasjon på utleigebustadar. Det er inngått avtalar knytt til oppføring av flyktningbustadar som gjer at ein ikkje kan stoppa prosjektet. Momskompensasjon på kr 3.9 mill, må difor gjerast om frå tilskot til lån for 2016. Verknaden er rekna inn i revidert økonomiplan.

## Vedlegg 1: Økonomisk oversikt over 1. tertial 2016

Rapporten er tatt ut 9. mai, difor kan det vera litt andre tall enn i rapporten over som er tatt ut 1. mai.

Skatteinngangen er i tråd med prognose, ca. 6 % over fjoråret i akkumulerte tall pr april.

Vedlegg 1 Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016	Opprinnelig budsjett 2016	Regnskap 2015
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>				
Skatt på inntekter og formue 1)	-29 592 827	-98 479 000	-98 479 000	-28 428 886
Ordinært rammetilskot 1)	-49 799 219	-129 064 000	-129 064 000	-48 507 744
Skatt på eigedom	-6 966 276	-14 230 000	-14 230 000	-6 729 640
Andre direkte eller indirekte skattar 2)	0	0	0	0
Andre generelle statstilskot 3)	-1 896 518	-10 830 000	-10 830 000	-1 326 178
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-88 254 839</b>	<b>-252 603 000</b>	<b>-252 603 000</b>	<b>-84 992 448</b>
<b>FINANSINNEKTER/-UTGIFTER</b>				
Renteinntekter og utbytte 4)	-58 867	-102 000	-102 000	-52 265
Gevinst finansielle instrument	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	1 245 146	5 746 000	5 746 000	1 389 629
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	0
Avdrag på lån	3 691 060	10 081 000	10 081 000	3 503 890
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>4 877 340</b>	<b>15 725 000</b>	<b>15 725 000</b>	<b>4 841 255</b>
<b>AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	1 395 000	1 395 000	0
Til ubundne avsetningar	0	441 000	441 000	0
Til bundne avsetningar 5)	5 250	663 000	663 000	0
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	0	-403 000	-403 000	0
Bruk av bundne avsetningar 6)	0	0	0	-52 200
<b>Netto avsetningar</b>	<b>5 250</b>	<b>2 096 000</b>	<b>2 096 000</b>	<b>-52 200</b>
<b>FORDELING</b>				
Overført til investeringsbudsjettet	0	843 000	843 000	0
Til fordeling drift	-83 372 250	-233 939 000	-233 939 000	-80 203 394
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	92 443 238	233 939 000	233 939 000	91 499 378
<b>Regnskapsmessig merforbruk</b>	<b>9 070 988</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>11 295 984</b>

Kommentarar til rekneskapsskjema:

Sum frie disponible inntekter : 35% av årsramma  
 Netto finansinntekter/-utgifter : 31% av årsramma  
 Netto avsetjingar: Blir rekna inn når vedtaka vert sett i verk  
 Regnskapsmessig meirforbruk: 2'2 millioner betre enn i 2015 på dette tidspunkt

**Vedlegg 2**  
**Regnskapsskjema 2A - Investeringsregnskapet**

Tall i 1 kroner	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016	Opprinnelig Budsjett 2016	Regnskap 2015
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>				
Investeringar i anleggsmidlar	9 654 020	81 138 000	81 138 000	9 494 414
Utlån og forskotering	265 316	5 850 000	5 850 000	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	0	0	0	0
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>9 919 336</b>	<b>86 988 000</b>	<b>86 988 000</b>	<b>9 494 414</b>
<b>FINANSIERING</b>				
Bruk av lånemidlar	-265 316	-57 890 000	-57 890 000	0
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0	0	0	0
Tilskot til investeringar	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-1 642 406	-28 248 000	-28 248 000	-1 270 645
Andre inntekter	0	0	0	0
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-1 907 722</b>	<b>-86 138 000</b>	<b>-86 138 000</b>	<b>-1 270 645</b>
Overført frå driftsbudsjettet	0	-850 000	-850 000	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-1 907 722</b>	<b>-86 988 000</b>	<b>-86 988 000</b>	<b>-1 270 645</b>
<b>Udekket / Udisponert</b>	<b>8 011 614</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>8 223 769</b>

Investeringsprosjekta er på same nivå som i 2015.

Det er ikkje gjort låneopptak til investeringar hittil i år.

**Regnskapsvedlegg 4**  
**Økonomisk oversikt - Drift**

Tall i 1 kroner	<i>Regnskap 2016</i>	<i>Regulert budsjett 2016</i>	<i>Regnskap 2015</i>
<b>DRIFTSINTEKTER</b>			
Brukarbetaling	-3 662 915	-12 352 000	-3 913 941
Andre salgs- og leigeinntekter	-6 773 321	-18 584 000	-2 765 621
Overføringar med krav til motytelsar	-7 401 727	-27 807 000	-9 253 843
Rammetilskot frå staten	-49 799 219	-129 064 000	-48 507 744
Andre statlege overf.	-1 896 518	-10 830 000	-1 326 178
Andre overføringar	0	-100 000	-201 000
Skatt på inntekt og formue	-29 592 827	-98 479 000	-28 428 886
Eigedomsskatt	-6 966 276	-14 230 000	-6 729 640
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-106 092 802</b>	<b>-311 446 000</b>	<b>-101 126 852</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>			
Lønsutgifter	67 169 450	184 282 000	64 695 677
Sosiale kostnader	18 724 484	51 526 000	18 914 538
Kjøp som inngår i kommunal prod.	13 734 329	38 192 000	14 478 973
Kjøp som erstattar eigen prod.	5 983 464	8 684 000	4 722 631
Overføringar	4 708 298	14 369 000	4 781 138
Avskrivningar	15 508 279	15 508 279	0
Fordelte utgifter	0	-4 271 000	0
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>125 828 305</b>	<b>308 290 279</b>	<b>107 592 957</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>19 735 502</b>	<b>-3 155 721</b>	<b>6 466 105</b>
<b>EKSTERNE FINANSINTEKTER</b>			
Renteinntekter og utbytte	-58 867	-102 000	-52 265
Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	-38 825	0	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-97 692</b>	<b>-102 000</b>	<b>-52 265</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>			
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	1 245 146	5 746 000	1 389 629
Avdragsutgifter	3 691 060	10 081 000	3 503 890
Utlån	0	0	40 825
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>4 936 206</b>	<b>15 827 000</b>	<b>4 934 344</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>4 838 515</b>	<b>15 725 000</b>	<b>4 882 080</b>
Motpost avskrivningar	-15 508 279	-15 508 279	0
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>9 065 738</b>	<b>-2 939 000</b>	<b>11 348 184</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGER</b>			
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-403 000	0
Bruk av bundne fond	0	0	-52 200
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>0</b>	<b>-403 000</b>	<b>-52 200</b>
<b>AVSETNINGER</b>			
Overføring til investeringsrekneskap	0	843 000	0
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	1 395 000	0
Avsetning disposisjonsfond	0	441 000	0
Avsetning til bundne driftsfond	5 250	663 000	0
<b>Sum avsetninger</b>	<b>5 250</b>	<b>3 342 000</b>	<b>0</b>
<b>Regnskapsmessig meirforbruk</b>	<b>9 070 988</b>	<b>0</b>	<b>11 295 984</b>

## Kommentarar til rekneskapsskjema:

Driftsinntektene er ca. 5 millionar høgare enn i 2015, og er ca. 34% av årsramma.

Driftsutgiftene er ca. 4 millionar større enn i fjor, når man tar høgde for avskrivningar, og om lag 41% av årsramma. ( I første kvartal betalast ein del kostnader for heile året).

Brutto driftsresultat er om lag 2'2 millionar kroner betre enn i 2015, når ein tar høgde for avskrivningar på 15'5 millionar kroner. Sjå siste linja Rekneskapsmessig meirforbruk.

Balansen pr 30.4.2016

Vedlegg 3		
Balanseregnskapet		
Tall i 1 kroner	Regnskap 2016	Regnskap 2015
<b>EIENDELER</b>		
<b>A. ANLEGGSMIDLER</b>		
Faste eiendommer og anlegg	-10 089 000	281 723 872
Utstyr, maskiner og transportmidler	-5 419 279	23 774 448
Pensjonsmidler	0	308 063 583
Utlån	195 725	5 978 648
Aksjer og andeler	0	12 290 097
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>-15 312 554</b>	<b>631 830 649</b>
<b>B. OMLØPSMIDLER</b>		
Kortsiktige fordringer	9 372 564	34 670 406
Kasse, postgiro, bankinnskudd	-10 456 393	41 712 007
Premieavvik	0	16 193 217
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>-1 083 829</b>	<b>92 575 630</b>
<b>Sum eiendeler</b>	<b>-16 396 383</b>	<b>724 406 279</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>C. EGENKAPITAL</b>		
Disposisjonsfond	0	-3 444 442
Bundne driftsfond	-5 250	-7 274 995
Ubundne investeringsfond	0	-4 352 721
Bundne investeringsfond	0	-1 199 810
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)	0	-186 702
Kapitalkonto	15 577 870	-33 509 352
<b>Sum egenkapital</b>	<b>15 572 620</b>	<b>-49 968 023</b>
<b>D. GJELD</b>		
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>		
Pensjonsforpliktelsar	0	-399 069 016
Andre lån	0	-229 782 640
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>-628 851 656</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-16 258 840	-66 499 507
Premieavvik	0	0

<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>-16 258 840</b>	<b>-66 499 507</b>
-----------------------------	--------------------	--------------------

<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>-686 220</b>	<b>-745 319 185</b>
---------------------------------	-----------------	---------------------

**MEMORIAKONTI:**

Ubrukte lånemidler	-265 316	30 531 016
Andre memoriakonti	0	16 510 000
Motkonto for memoriakontiene	265 316	-47 041 670

<b>Sum memoriakonti</b>	<b>0</b>	<b>-655</b>
-------------------------	----------	-------------

I balanseoppstillinga er det få endringar frå 31.12.2015

Vi ser at avskrivningane har redusert aktiva med 15'5 mill, og det er utlånt 195.000

Omløpsmidlane er redusert med 1'1 Mill i perioden, kortsiktig gjeld har auka med 16'2 millionar.

Skilnaden kjem fram i sum egenkapital og gjeld.

**Avdrag 2016 ( tal i 1000 )**

	UB	bet 2016	<b>2 016</b>
			prognose Årsavdrag
Husb.97, 130520677	-615		615
HB-97, PU Føremål, 130520678	-289		72
HB-91, PU Bustad, 139143499	-96	24	48
KB-12, Refin.lån 20120433	-89 997	2 812	2 812
KB-08, 20080274	-26 597		1 478
KB-09, 20090770	-12 971		665
KB-13, 20130160	-33 562	730	1 459
KB-10, 20100778	-15 040		752
KB 2014-	-16 026		594
KB-15 20150540	-15 670	-	-
KLP-11, 8317.52.42611	-17 679		842
	<b>-228 542</b>	<b>3 691</b>	<b>9 337</b>
		avdrag sats	
<b>Nytt Lån 2016</b>	<b>-47 640</b>	<b>3,50 %</b>	<b>744</b>
Nytt Lån 2017	-54 220	3,50 %	
Nytt Lån 2018	-58 980	3,50 %	
Nytt Lån 2019	-21 770	3,50 %	
	-249 592		10 081
		Budsjett	-10 081

Det er så langt betalt 3'7 mill i avdrag. Prognosen er basert på inngåtte avtaler.

Det er ikkje tatt opp lån så langt i 2016 som påverkar rekneskapen, men forventa låneopptak i året er merka med gult, samt forventa avdrag på dette.



## Renteutvikling.

Rentekostnadene så langt er basert på låna pr.31.12.2015. vi vet meir om dette endrar seg når 1'ste halvår er unnagjort.

### Fordeling Fast Flytende rente 31.12.2015

Lån pr 31.12.2015	Beløp	% andel	rente 31.12 2015
Flytende	149 505 410	62 %	1,68 %
Fast	68 266 522	28 %	2,20 %
Sum	217 771 932		
Lån til videre utlån	24 320 000	10 %	
Totalt lånt	242 091 932	100 %	

## Garantiansvar

Garantiansvaret omfattar garantiar som kommunen har ansvar for.

Garanti gitt til	Opprinneleg garanti	Garantibeløp per 30.04	Utløp
<b>Via KLP</b>			
BIR	2 500 000,00	2 368 421	02.09.2051
ASVO	680 000,00	84 150	15.08.2026
Eikelandsfj. Samfunnshus	475 000,00	200 000	15.12.2019
<b>Via sparebanken vest</b>			
Sævareidfjorden ungdomslag	500 000,00	500 000	31.12.2030
Forskottering vegutbygging**	70 000 000,00	70 000 000	Pant
<b>Sum garantier</b>	<b>74 155 000,00</b>	<b>73 152 571</b>	

Fusa kommune har via Fusa Kraftlag og Wimoh Invest AS, formidla lånebeløp for forskottering vegutbygging. Fusa Kraftlag har fått "panterett i enkle pengekrav" for sin andel av dette, den 26.januar 2016.

Desse lånebeløpa innehald korkje rente eller avdragskonvensar for Fusa kommune.

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Ungdomsrådet	024/2016	30.05.2016
Formannskapet	051/2016	01.06.2016
Kommunestyret		

## Framlegg om lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune vert sendt på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Ingen.

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysningar:

Kommunestyret fatta slikt vedtak i SAK 031/16: Om skulekrinsar i Fusa kommune:

Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune skulekrinsane Eikelandsosen, Holdhus, Fusa og Strandvik.

Eikelandsosen og Holdhus vert slått saman til ein skulekrins, frå skuleåret 2016-17.

Fusa vert slått saman med Strandvik/Vinnes til ein skulekrins, frå skuleåret 2016-17.

Fusa kommune skal ha følgjande skulekrinsar:

- 1) Nore Fusa skulekrins
- 2) Eikelandsosen og Holdhus skulekrins
- 3) Søre Fusa skulekrins
- 4) Strandvik/Vinnes og Fusa skulekrins

Fusa kommune skal omgåande utarbeida ei forskrift om skulekrinsar. Formannskapet innstiller til kommunestyret som vedtek forskrifta.

**Vurdering:**

Rådmannen har utarbeidd framlegg forskrift om skulekrinsgrenser i tråd med vedtaket i kommunestyret. Forvaltningslova §37 krev at forskrifta vert sendt på høyring:

**§ 37. (utredningsplikt, forhåndsvarsling og uttalelser fra interesserte).**

*Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.*

*Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.*

*Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.*

*Forhåndsvarsling kan unnlates forsåvidt den:*

- a) ikke vil være praktisk gjennomførlig, eller*
- b) kan vanskeliggjøre gjennomføring av forskriften eller svekke dens effektivitet, eller*
- c) må anses åpenbart unødvendig.*

Rådmannen tilrår difor at framlegg til Lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune vert sendt på høyring med seks veker frist til å koma med merknader.

**Vedlegg:**

Framlegg til forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune

1326760

20.05.2016

Framlegg til forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune, gjeldande frå 01.08.16:

## Lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune

---

Gjeldande frå 1.8.2016

Vedteken av Fusa kommunestyre XX.XX.2016 i samsvar med Forvaltningsloven § 2 c.

I medhald av Opplæringslova §8-1 1. ledd, vert skulekrinsgrensene i Fusa kommune fastsett slik:

1. Fusa kommune har fire barneskular; Fusa skule, Nore Fusa skule, Eikelandsosen skule og Søre Fusa skule.

### 1.1 Fusa skule

Alle elevar som bur i Strandvik, Vinnes og Fusa soknar til Fusa skule. Grenseskilje mellom Fusa og Eikelandsosen skulekrinsar går i Flulia.

### 1.2 Nore Fusa skule

Alle elevar som bur i Holmefjord, Boga og Ådland soknar til Nore Fusa skule. Grenseskilje mot Eikelandsosen skulekrins nord for Hafskor.

### 1.3 Eikelandsosen skule

Alle elevar som bur i Eikelandsosen og Holdhus soknar til Eikelandsosen skule. Grenseskilje mot Fusa skulekrins går i Flulia, grenseskilje mot Nore Fusa skulekrins går nord for Hafskor og grenseskilje mot Søre Fusa skulekrins går sør for Kilen.

### 1.4 Søre Fusa skule

Alle elevar som bur i Sævareid, Baldersheim, Nordtveit og Sundfjord soknar til Søre Fusa skule. Grenseskilje mot Eikelandsosen skulekrins går sør for Kilen.

2. Fusa kommune har ein ungdomsskule; Fusa ungdomsskule. Alle elevar som er busett i Fusa kommune soknar til Fusa ungdomsskule.